Det primære målet med denne artikkelen er å analysera tydingsinnhaldet i ein del sentrale direktive språkhandlingsverb i norsk, med eit sideblikk til engelsk. Eit viktig utgangspunkt er såleis at tyding er mogleg å eksplikera, og vi nyttar det semantiske metaspråket *Natural Semantic Metalanguage* (NSM) i eit forsøk på å eksplikera metaspråklege representasjonar av dei semantiske strukturane. Det blir argumentert for at eit slikt metaspråk kan vera eit godt verktøy både for å få fram semantiske skilnader i einskildspråk og mellom ulike språk. I tillegg blir tilhøvet mellom språkhandlingar og språkhandlingsverb problematisert.

1 Innleiing

Språkhandlingar og språkhandlingsverb har vore eit viktig fokus i språkfilosofi og pragmatikk i alle fall sidan Austin (1962). Språkhandlingsverb er verb som beskriv handlingar ein kan utføra gjennom språket, dvs. gjennom å seia noko, og vi skal her taka for oss språkhandlingsverb som beskriv det Searle (1979: 13) kallar direktive språkhandlingar, dvs. språkhandlingar som søker å få mottakaren til å utføra ei handling, slik som *be*, *kreve* og *oppfordre*. I den språkfilosofiske tilnærminga har ein naturleg nok vore mest oppteken av det som er mogleg å gjera med språk generelt, og ikkje av å beskriva tydinga til språkhandlingsverb i einskildspråk (jf. Searle 1969: 4; Wierzbicka 1987: 8). Searle (1969) skriv at: «We all know in one important sense what ‘cause’, ‘intend’, and ‘mean’ mean, but it is not easy to state exactly what they mean» (s. 14, uth. i original). Det er nett dette sistnemnde ein set seg føre i semantiske analysar med metaspråket *Natural semantic metalanguage* (NSM), sjå Goddard (2008, 2011); Goddard & Wierzbicka (1994, 2002, 2014); Wierzbicka (1972, 1996): Ein søker å beskriva tydinga til det enkelte verbet så eksplisitt som råd,

og til dette formålet nyttar ein eit restriktivt metaspråk beståande av om lag 60 semantiske grunneiningar.

Norske eksponentar for dei semantiske grunneiningane er identifiserte i Haugen (2016), der dei einskilde grunneiningane òg blir diskuterte i høve til tidlegare identifiserte danske (Levisen 2012) og svenske (Goddard & Karlsson 2008) grunneiningar. I analysane her skal vi nyttja bokmålseksponentane som grunnlag (sjå tabell 1), sidan det norske bruksmaterialet som blir analysert, er henta frå Leksikografisk bokmålskorpus (LBK). Eit anna mål med artikkelen er dermed å visa at NSM er eit godt verktøy for semantiske analysar også av norsk, og at metaspråket mogglegjer presise samanlikningar både mellom ulike ord og mellom ulike språk. For å visa det siste skal vi gjera samanlikningar med språkhandlingsverb i engelsk.

Det er særleg tre viktige prinsipp som ligg til grunn for NSM: (i) semantiske eksplikasjonar blir gjevne i form av reduktive parafraser der ein så langt som råd nyttar grunneiningar som (i alle fall til no) har vist seg umoglege å definera utan sirkularitet, (ii) grunneiningane er henta frå naturlege språk, slik at metaspråket er ei restriktiv miniutgåve av eit naturleg språk, og (iii) ein søker semantiske grunneiningar som det finst uttrykk for, i form av ord, morfem eller frasar, i alle naturlege språk.

Det er på ingen måte semje om at det i det heile er mogleg å eksplikera semantiske strukturar, slik ein freistar i NSM. Innvendingar av denne typen er vanlege både frå formelle semantikarar og kognitive semantikarar, om enn på ulike grunnlag. Riemer (2006: 352) skriv at «it is not obvious that the task of understanding meaning – presumably the central task of semantic theory – should be identified so completely with that of providing explanatory definitions of individual words». Det er ikkje vanskeleg å vera samd med Riemer i dette, men det tyder ikkje at det å definera tydinga til ord og konstruksjonar ikkje er ein viktig del av semantiske analysar, noko Riemer heller ikkje er usamd i. Fodor et al. (1980: 268) skriv på den andre sida at «[i]t may well be that definition plays no serious role in theories of language and the world», og dei argumenterer for ein idé om at morfemisk enkle einingar er knytte til medfødde konsept som ikkje har nokon indre struktur, og som dermed heller ikkje lèt seg definera. Fodor (1998, 2008) har seinare forlate dei mest radikale hypotesane om medfødde konsept (jf. òg Laurence & Margolis 2015), men dette er likevel eit slående eksempel på det som etter vårt syn er ei undervurdering av den betydninga konvensjonelle kategoriar spelar i semantiske strukturar. Tydingsinnhaldet knytt til ord (også innanfor same tyd-

ingsområde) varierer mellom ulike språk, noko vi òg skal sjå døme på i analysane vi presenterer her, jf. også Wierzbicka (1996: 256). I likskap med Wierzbicka meiner vi òg at det er nyttig å freista å eksplikera tyding. Det er ikkje dermed sagt at eksplikasjonar av typen vi finn i NSM, er representasjonar av nevrologisk eller psykologisk art; det vi kan seia, er at eksplikasjonane gjev oss eksplisitte *metaspråklege representasjonar* av ulike komponentar i den semantiske strukturen.

Vidare er det utvilsamt problematisk å finna fram til representasjonar som dekker all bruk av eit bestemt ord, noko som er eit viktig grunnlag for Geerarts' (2010: 127ff) kritikk av NSM, ein kritikk som har sitt utgangspunkt i kognitiv lingvistikk. Som også Wierzbicka (1996: 240) argumenterer for, er det etter vårt syn likevel eit lite fruktbart utgangspunkt for semantisk forsking å rekna med a priori at semantiske strukturar ikkje er moglege å definera. Eksplikasjonasanalsysar i eit avgrensa metaspråk gjev etter vår mening eit betre grunnlag for å diskutera både ulike brukstilfelle av einskilde ord i ulike kontekstar og ikkje minst skilnader mellom ord innanfor same tydingsområde, enn ein ville ha utan presise eksplikasjonar. Som vi skal sjå når vi kjem til dei konkrete eksplikasjonane i del 4, er NSM godt eigna til å analysera delvis overlappande semantiske strukturar, og sjølv om eksplikasjonane ikkje dekker all bruk av eit bestemt ord, kan ein gjennom korpusstudiar av faktisk bruk syta for at eksplikasjonane dekker den mest typiske bruken.

Etter vårt syn har semantisk analyse alltid eit tolkande aspekt, og gjennom definisjonar blir desse tolkingane eksplisitte og lettare gjenstand for kritisk gransking; gjennom eksplikasjonane trer dei ulike komponentane i den semantiske strukturen tydelegare fram, og definisjonsforsøka har såleis òg stor praktisk verdi i sjølve analysen. For ein meir detaljert diskusjon av det vitskaps-teoretiske grunnlaget til NSM viser vi til Haugen (2016).

Dei semantiske grunneiningane ein opererer med i NSM, er identifiserte ved prøving og feiling gjennom mange år, og inventaret av einingar har gått gjennom mange revisjonar, jf. Goddard (2011: kap. 12). Ein skal vera varsam med å fastslå at dei semantiske grunneiningane er universelle; dei er identifiserte i over 30 språk frå ulike språkfamiliar (Goddard & Wierzbicka 2014a, 2014b), men dette er sjølv sagt eit for lite grunnlag til at ein kan seia noko sikkert om dette. Det som likevel er klart, er at ein har eit godt grunnlag for å samanlikna semantiske strukturar mellom dei språka der ein har identifisert einingane, og eit metaspråk av denne typen er òg eit godt verktøy for å analysera tydingsinnhald i einskildspråk.

Nomen	JEG, DU, NOEN (PERSON), NOE~TING, ¹ FOLK, KROPP
Relasjonelle nomen	TYPE, DEL
Determinativ	DENNE, DEN SAMME, ANNEN
Kvantorar	ÉN, TO, MYE~MANGE, LITE~LITT~FÅ, NOEN, ALL
Evaluande adjektiv	GOD~BRA, FÆL~ILLE~VOND
Beskrivande adjektiv	STOR, LITEN
Mentale predikat	TENKE, VITE~KJENNE, VILLE HA~VILLE, FØLE, SE, HØRE
Tale	SI, ORD, SANN
Handlingar, hendingar, rørsle, kontakt	GJØRE, HENDE~SKJE, RØRE SEG, RØRE (VED)
Plassering, eksistens, spesifisering, tilhøyrslle	VÆRE (ET STED), DET ER~DET FINNES, VÆRE (NOEN/NOE), VÆRE (NOENS)
Liv, død	LEVE, DØ
Tid	NÄR~TID~TIDSPUNKT~GANG, NÄR, FÖR, ETTER, LENGE, EI KORT STUND, EI STUND, ØYEBLIKK
Rom	DER~HVOR~STED, HER, OVER, UNDER, LANGT~LANGT UNNA, NÄR, SIDE, INNI
Logiske konsept	IKKE, KANSKJE, KAN, FORDI~PÅ GRUNN AV, HVIS
Forsterkarar	VELDIG, MER~FLERE~TIL
Likskap	SOM~SLIK SOM~MÅTE

Tabell 1: Semantiske grunneiningar, eksponentar i bokmål (Haugen 2016).

Goddard & Wierzbicka (2014b: kap. 7) peikar på eit problem med mange studiar av språkhandlingar og språkhandlingsverb, nemleg at ein i interspråklege studiar i for stor grad legg engelske kategoriar til grunn som «nøytrale» kategoriar i analysane. Ein handsamar t.d. engelske språkhandlingsverb (eller nominaliseringane deira) både som verb i einskildspråket engelsk og som namn på universelle språkhandlingar. Dette problemet skal vi taka for oss i del 2. I del 3 diskuterer vi dei ulike tydingskomponentane til språkhandlingsverb generelt og direktive verb spesielt, med vekt på eksplikasjonsmalane (*templates*) ein nyttar i NSM, før vi presenterer analysane av dei norske verba i del 4. I del 5 gjer vi nokre samanlikningar med engelske språkhandlingsverb, før vi summerer opp og konkluderer i del 6.

2 Språkhandlingar versus språkhandlingsverb

Som nemnt i innleiinga har ein i den språkfilosofiske tradisjonen vore mest oppteken av språkhandlingar generelt snarare enn språkhandlingsverb i einskildspråk, noko som følgjer naturleg av at språkfilosofiens fokus er kva som er

1. Einingar med «~» er såkalla alsoleksar, dvs. kontekstuelle variantar av den same grunneininga, sjå t.d. Goddard & Wierzbicka (2014a).

mogleg med språk i det heile. Samstundes har språkfilosofiske tilnærmingar til språkhandlingar, med Austin (1962) og Searle (1969, 1979) som pionerane, eit angloamerikansk utgangspunkt, og ein har gjerne nytta engelske språkhandlingsverb og nominaliseringar av slike som namn på «universelle språkhandlingar». Searle (1969: 66) opererer til dømes med *request, assert, question, thank, advise, warn, greet* og *congratulate* som namn på typar av språkhandlingar. Det same kan seiast om mange seinare tilnærmingar til språkhandlingar. Sadock (2006) skriv at det kan henda er overraskande at etnografiske studium og diskursanalysar ikkje har spelt noka viktig rolle for språkhandlingsteori, men at det likevel er slik. Også i Huang (2014) si framstilling blir engelske kategoriar nytta som om dei er merkelappar for allmenne fenomen. Han seier rett nok at mange språkhandlingar, og då særleg institusjonaliserte språkhandlingar, er kulturspesifikke, men utgangspunktet for diskusjonen er like fullt i kva grad språkhandlingar i andre kulturar svarar til engelske merkelappar som t.d. *promise* (jf. Huang 2014: 151). Dette blir òg tydeleg når han slår fast at nyare forsking har vist at

there is indeed an extensive cross-linguistic/cross-cultural variation in directness/indirectness in the expression of speech acts, especially in that of FTAs [face-threatening acts] such as apologies, complaints, and requests, and that these differences are generally associated with the different means that different languages utilize to realize speech acts (Huang 2014: 160).

Måten dei blir utførte på, kan altså variera, men det blir ikkje problematisert i kva grad kategoriar som *request* og *complaint* er gyldige på tvers av språk.

Searle (1979: ix) understrekar at ein ikkje må blanda språkhandlingsverb i einskildspråk med generelle språkhandlingar, og han grunngjev dette m.a. med at mange språkhandlingsverb kan nyttast til å utføra mange typar av språkhandlingar. I tillegg meiner han at verb som t.d. *announce, hint* og *insinuate* ikkje er å sjå som namn på språkhandlingar, men snarare beskriv ulike måtar å utføra ulike typar av språkhandlingar på. Searle gjev ikkje noko døme på dette, men å *hinta* om noko kan t.d. både vera eit trugsmål og ein lovnad, og *hinta* beskriv ein implisitt måte å utføra ei slik språkhandling på. Ifølgje Searle (1979: ix) er det å blanda saman språkhandlingsverb og språkhandlingar «the single most common mistake in speech act theory», og han argumenterer for at språkhandlingar er:

natural conceptual kinds, and we should no more suppose that our ordinary language verbs carve the conceptual field of illocutions at its semantic joints than we would suppose that our ordinary language expressions for naming and describing plants and animals correspond exactly to the natural biological kinds (Searle 1979: ix–x).

Å sjå språkhandlingar som universelle og naturlege storleikar har vorte kritisert av forskrarar innanfor NSM (jf. Goddard 2011: kap. 5; Goddard & Wierzbicka 2014b: kap. 7; Wierzbicka 1987, 2003), og etter vårt syn med god grunn: «Concepts such as ‘promise’, ‘thank’, ‘apologize’ or ‘cancel’ derive from English and reflect the point of view of a native speaker of English. They are not language-independent and culture-independent theoretical tools» (Wierzbicka 1987: 10).

Som vi skal sjå i del 4 og 5, er det òg slik at ulike språk deler opp det Wierzbicka (1987: 10) kallar «the universe of speech acts» på ulike måtar, og dermed blir det problematisk å nyitta engelske verb som språknøytrale merkelappar på ulike språkhandlingar: «To decompose the verb *order* into its semantic components is the same thing as to analyse the illocutionary force of the speech act ‘order’ (*pace* Searle 1979)» (Wierzbicka 2003: 202). Med andre ord kan ein ikkje skilja mellom ei beskriving av det engelske verbet *order* og ei beskriving av den språkhandlinga dette verbet beskriv; dette er eitt og det same, og det siste er ikkje meir universelt enn det første. Dette tyder likevel ikkje at ein ikkje kan operera med typar av språkhandlingar som er uavhengige av språkhandlingsverb i einskildspråk; det problematiske er å definera typar av språkhandlingar med grunnlag i språkspesifikke verb. For å unngå dette treng vi eit semantisk metaspåk av den typen NSM stiller til rådvelde.

Lat oss, som eit eksempel, taka for oss Searles (1969: kap. 3) klassiske analyse av språkhandlinga ‘promise’, der det ikkje alltid er lett å sjå skilnaden mellom denne og det engelske verbet *promise*. Tydelegast kjem skilnaden fram når Searle hevdar at verbet *promise* kan nyttast i ei ytring utan at ein utfører språkhandlinga ‘promise’. Dersom ein t.d. seier til ein lat student at «If you don’t hand in your paper in time I promise you I will give you a failing grade in the course», har ein ifølgje Searle ikkje utført språkhandlinga ‘promise’, men snarare språkhandlinga ‘warning’ eller moglegvis ‘threat’. Det som skjer her, er etter vårt syn at den ytringa ein rapporterer om, betre kan beskrivast med den konvensjonelle tydinga til det engelske verbet *warn* (eller *threaten*) enn med tydinga til verbet *promise*. Det er ingen grunn til å skilja mellom ei beskriving av tydingsinhaldet til verbet *promise* og ei beskriving av språkhandlinga ‘promise’.

Searle sokjer òg å avgrensa språkhandlinga ‘promise’ ved å nemna andre liknande språkhandlingar. Vi har med andre ord eit tilfelle av det Wierzbicka (1987) kallar å *alludera til tyding* heller enn å eksplikera tydinga. Etter vårt syn må ein avgrensa ulike typar av (generelle) språkhandlingar frå kvarandre gjennom andre middel enn å kontrastera dei mot andre språkspesifikke språkhandlingsverb (eller nominaliseringar av slike). Dersom vi sokjer å avgrensa ein type språkhandling, som t.d. ‘promise’, gjennom termar for andre nærskyldne språkhandlingar, endar vi snart opp i ein infinitt regress som berre kan unngåast dersom vi har eit metaspråk med semantiske grunneiningar som vi ikkje definerer. Ifølgje Searle (1969: 60) er det essensielle trekket ved språkhandlinga ‘promise’ at talaren «*S intends that the utterance of T will place him under an obligation to do A*». Denne tydingskomponenten er sjølvsagt heilt avhengig av korleis vi skal forstå *obligation*, som både er spesifikt engelsk, og som er eit omgrep som er minst like komplekst som *promise*, jf. Goddard (2011: 137). Andre døme på dette problemet har vi når Searle (1969: 66) analyserer ein viktig komponent i *question* som «*an attempt to elicit [...] information*», eller ein viktig komponent i *thank* som «*an expression of gratitude or appreciation*».

Med engelske eksponentar for dei semantiske grunneiningane i NSM foreslår Goddard & Wierzbicka (2014b: 166) derimot at det engelske verbet *promise* kan eksplikerast slik:

- (1) *X promised Y (to do A) at that time.*
 - a. someone X said something to someone else Y at that time
this someone wanted something to happen because of it
 - b. this someone said something like this:
«I want you to know that I will do this (A) after this time
I want you to know that I think about it like this: ‘I can’t not do it,
if I don’t do it, this will be very bad’»
 - c. this someone said it like someone can say something like this to someone else
when this someone thinks like this:
«I know that this someone wants me to do this
I know that this someone can think that I won’t do it
I don’t want this someone to think like this»

Vi skal koma tilbake til fleire detaljar og tilhøvet mellom dei ulike komponentane (markerte med små bokstavar) i eksplikasjonen i neste del. I første omgang er det viktigaste poenget at eksplikasjonen utelukkande inneheld semantiske grunneiningar, med unntak av språkspesifikke grammatiske ord som *at* og *to*. Måten denne grammatiske informasjonen blir uttrykt på, vil

variera frå språk til språk. Elles er det berre engelske eksponentar for dei 65 einingane frå tabell 1 som er med, og vi oppnår såleis ein analyse der dei ulike tydingskomponentane er eksplisitt gjevne i eit metaspråk av enkle termar, som det finst eksponentar for i ei rekkje språk frå ulike språkfamiliar.

Vi observerer at heller ikkje eksplikasjonen i (1) dekker den bruken av verbet *promise* som Searle (1969) problematiserte (jf. ovanfor), der verbet blir brukt i ei ytring der ein set fram ei åtvaring eller eit trugsmål, og vi ser òg at det er den tredje lina i komponent (c) i eksplikasjonen som er problemet: Når vi lovar noko, er det vanlegvis slik at det vi lovar bort, er noko vi går ut ifrå at den vi lovar det til, ønskjer. Resultatet av dei to analysane ser ut til å vera at beskrivinga av den typiske språkhåndlinga ‘promise’ fell saman med beskrivinga av det konvensjonelle innhaldet til verbet *promise*. Det er difor grunn til å stilla spørsmål ved skiljet mellom dei typane av språkhåndlingar som ein viser til gjennom merkelappar som *request*, *assert*, *question*, *thank*, *advise*, *warn*, *greet* og *congratulate*, og innhaldet til desse verba i engelsk.

Likevel er det, som vi var inne på over, ikkje nødvendig å hella ut barnet med badevatnet. Ein kan godt operera med meir generelle typar av språkhåndlingar, som direktiv og kommisiv (Searle 1979), men det vil då vera ein stor fordel om ein kan definera desse gjennom eit nøyte avgrensa semantisk metaspråk av den typen NSM stiller til rådvelde.

3 Tydingskomponentar og eksplikasjonsmal

Fokuset i denne undersøkinga er det Searle (1979: 13) kallar direktive språkhåndlingar, og med utgangspunkt i eksplikasjonsmålen som blir foreslegen av Goddard & Wierzbicka (2014: kap. 7), kan vi, med norske eksponentar for dei semantiske grunneiningane, seia at mange av verba som blir handsama under merkelappen «direktive», har følgjande felles tydingskomponentar:

- (2) noen X sa noe til noen annen Y på det tidspunktet
 X ville at noe skulle skje på grunn av det
 X sa noe slikt som dette:
 «jeg vil at du gjør dette (A)»

Variablane i eksplikasjonen står høvesvis for sendaren det blir rapportert om (X), mottakaren (Y), og den handlinga talaren ville at mottakaren skulle utføra (A), og saman med den semantiske grunneininga SAY er desse komponentane kjernen i eksplikasjonar av direktive verb; det sentrale er at sendaren, gjennom

å seia noko, freistar å få mottakaren til å gjera noko. Engelske verb som *order*, *tell* og *ask* og norske verb som *be*, *kreva* og *beordra* vil alle falla inn under eksplikasjonen i (2), som dermed kan nyttast som definisjon på ein type av språkhandlingar som er meir generell enn dei språkhandlingane som blir beskrivne av dei einskilde verba.

For å kunna seia noko om kva som skil ulike verb av denne typen frå kvarandre, må ein sjølvsagt bygga ut eksplikasjonane, og Goddard & Wierzbicka (2014b: 160) foreslår følgjande generelle eksplikasjonsmal for språkhandlingsverb, her gjengjeven med norske eksponentar for dei semantiske grunneiningane:

- | | | |
|-----|--|-----------------------------------|
| (3) | <i>noen X ___ noen Y (t.d. beordra, foreslo, spurte, unnskylda, ...)</i> | |
| a. | <i>noen X sa noe til noen annen Y på det tidspunktet</i> | LEKSIKO-SYNTAKTISK |
| | <i>(denne noen ville at noe skulle skje på grunn av dette)</i> | RAMME |
| b. | <i>denne noen sa noe slikt som dette:</i> | DIKTUM |
| | <i>«___»</i> | |
| c. | <i>denne noen sa det slik som noen kan si noe slikt som dette til noen annen når denne noen tenker slik som dette:</i> | TIJSYNELATANDE
MENTAL TILSTAND |
| | <i>«___»</i> | |

Goddard (2010: 469) definerer ein eksplikasjonsmal (*semantic template*) som «a structured set of component types shared by words of a particular semantic class—often applicable across many languages». Lat oss sjå nærmare på dei ulike komponentane i eksplikasjonsmalen i (3).

Den første komponenten er den leksiko-syntaktiske ramma. Denne er knytt til den semantiske grunneininga SAY, som er den sentrale eininga i alle eksplikasjonar av språkhandlingsverb. Det er ein viktig hypotese at grunneiningane også har visse kombinatoriske moglegheiter som òg er felles for ulike språk. For eininga SAY reknar Goddard & Wierzbicka (2014b: 159) med følgjande rammer:

- | | | |
|-----|---|---------------------------|
| (4) | I SAY: «___» | [performative frame] |
| | someone SAYS: «___» | [direct speech frame] |
| | someone SAYS something | [minimal frame] |
| | someone SAYS something to someone | [addressee frame] |
| | someone SAYS something about something/someone else | [locutionary topic frame] |
| | someone SAYS (some) words to someone else | [directed words frame] |
| | someone SAYS something (not) with words | [verbal means frame] |

For direktive språkhandlingsverb er det mottakarra (addressee frame) som blir nytta ved deskriptiv bruk av verba, for performativ bruk er det den performativa ramma.

Den andre komponenten, (b) i (3), er det som blir kalla *diktum* (frå latin: ‘det som blir sagt’), og som inneholder bodskapen til sendaren. Eit viktig poeng her er at dette blir formulert i første person. Det intensjonelle innhaldet i bodskapen knytt til eit språkhandlingsverb har eit førstepersonsperspektiv som ikkje kan reduserast til eit tredjepersonsperspektiv; det subjektive kan ikkje reduserast til noko objektivt, og Wierzbicka (2003: 162ff) argumenterer for at rapportar om språkhandlingar, dvs. deskriptiv bruk av språkhandlingsverb, er meir kompleks enn performativ bruk. I dette ligg det at indirekte tale er meir kompleks enn direkte tale: «To describe the meaning of illocutionary forces in a third-person format is tantamount to deriving direct discourse from indirect discourse» (Wierzbicka 2003: 163). Tak følgjande eksempel:

- (5) a. Eg utfordrar deg til duell!
 b. Han sa at han utfordra meg til duell.

Sidan ytringa i (5b) er ein rapport om ytringa i (5a), er argumentet at ytringa i (5a) er ein komponent i ytringa i (5b), og dermed mindre kompleks.

Vi har allereie sett eit døme på ein eksplikasjon av eit språkhandlingsverb i deskriptiv bruk, nemleg *promise* i (1). Vi kan no kontrastera denne eksplikasjonen med ein eksplikasjon av performativ bruk av det same verbet (Goddard & Wierzbicka 2014b: 166):

- (6) *I promise to do A.*
 a. I say this to you now:
 «I want you to know that I will do this (A) after this time
 I think about it like this: I can't not do it,
 if I don't do it, this will be very bad»
 b. I know that you want me to do this
 c. I know that you can think that I won't do it
 d. I don't want you to think like this

Som kjent er performativ bruk avhengig av at subjektet er i 1. person, og at verbalet er i presens. For å letta samanlikninga med eksplikasjonen av den deskriptive bruken har vi nytta tilsvarande bokstavar for dei ulike komponentane som i (1). Til skilnad frå den deskriptive bruken av verbet manglar den performativa bruken den rapporterande leksiko-syntaktiske ramma. Ved performativ

bruk blir diktumet og haldninga til talaren direkte kommunisert på ytringstidspunktet.

Dette fører oss over til den siste komponenten, (c), som i eksplikasjonen av den deskriptive bruken av verbet i (1) beskriv den haldninga som ein går ut frå at sendaren har, og som det blir rapportert om. Ved performativ bruk blir også haldninga uttrykt der og då. Handlingskomponenten er svært viktig for å eksplikera skilnader mellom ulike språkhandlingsverb. Mange direktive språkhandlingsverb skil seg t.d. frå kvarandre særleg gjennom den haldninga som blir tilskrivne sendaren det blir rapportert om. Dette skal vi koma tilbake til i neste del. Eit viktig spørsmål vi må gå inn på først, er korleis det i det heile er mogleg å beskriva andres subjektive mentale tilstandar og haldningar.

Når vi utfører språkhandlingar, er det subjektive ønske og haldningar som kjem til uttrykk, og spørsmålet blir då korleis vi kan beskriva noko som i siste instans berre finst inne i hovudet til den enkelte. Med andre ord: Korleis kan vi beskriva andres sinn? Vi kan ikkje vita sikkert kva for haldningar talalar som nyttar bestemte språkhandlingar, faktisk har, og det er heller ikkje dei faktiske haldningane som er viktige for den semantiske beskrivinga:

Semantics is not concerned with people's 'real' (as opposed to conveyed) intentions and assumptions. The task of speech-act analysis consists in modelling in explicit and verifiable formulae the attitudes that people convey in speech by conventional linguistic means [...] The task of semantics in general consists in modelling in explicit and verifiable formulae the meanings which people convey in speech (again, by conventional linguistic means). (Wierzbicka 2003: 165)

Som nemnt i innleiinga er det ikkje alle semantikarar som meiner det er semantikkens oppgåve å seia noko om intensionelt innhald, men dersom ein vil beskriva språkhandlingsverb, kjem ein ikkje utanom dette. Også språkhandlingsverb er knytte til konvensjonelt tydingsinnhald, og det er dette vi skal freista å eksplikera. Sjølv om Searle (1969) har eit anna syn på tilhøvet mellom språkhandlingar og språkhandlingsverb enn Wierzbicka, gjer han mykje av det same poenget som Wierzbicka i sitatet over når han seier at ein godt kan utføra ei språkhandling utan at ein har ein intension om å oppfylla henne: «the speaker takes responsibility for having the intention rather than stating that he actually has it» (Searle 1969: 62). Overført til eit språkhandlingsverb kan vi seia at det er den konvensjonelle tydinga til språkhandlingsverbet som gjev talaren ansvaret for å ha uttrykt denne tydinga, og dette gjeld uansett om yt-

ringa er oppriktig eller ikkje. NSM har elles det til felles med andre greiner av kognitiv lingvistikk at ein ikkje reknar med noko skarpt skilje mellom semantikk og pragmatikk (jf. diskusjonen i Wierzbicka 2003: 15ff), og som vi skal sjå i neste del, er også språkhandlingsverb knytte til konvensjonelt tydingsinnhald.

4 Nokre direkitive språkhandlingsverb i norsk

Ein sentral komponent som skil dei direkitive verba frå kvarandre, er kva for ein type respons ein ventar seg, jf. også Croft (1994: 471), som reknar skiljet mellom verbal og ikkje-verbal respons og det han kallar «[d]egree of expected response» og «[e]xplicitness of the solicitation of a response» som tre av dei viktigaste komponentane i ein kognitiv modell av språkhandlingar. Dei direkitive språkhandlingsverba skil seg frå kvarandre med omsyn til kor sikker talaren er på at den handlinga ho bed om, vil bli utført, og vi har valt ut verb som plasserer seg på ulike stader på denne skalaen. Det finst sjølv sagt mange andre direkitive verb som hadde vore interessante å ha med, men vi måtte gjera eit utval. Dei verba som er inkluderte, er lista i tabell 2.

<i>be</i>	<i>overtale</i>	<i>kreve</i>
<i>spørre</i>	<i>oppfordre</i>	<i>beordre</i>
<i>tryggle</i>	<i>anbefale</i>	<i>kommandere</i>
<i>tigge</i>	<i>foreslā</i>	

Tabell 2: Direkitive språkhandlingsverb inkluderte i analysen.

Eksplikasjonane i denne undersøkinga bygger på tolkingar av autentiske eksemplar frå Leksikografisk bokmålskorpus. For kvart av dei elleve norske verba som er inkluderte i undersøkinga, er 200 tilfeldige konkordansliner gjenomgått i kartlegginga.

Verbet *be* ser ut til å vera det verbet som er mest nøytralt med omsyn til kor sikker talaren er på at handlinga vil bli utført, i den forstand at dette verbet kan nyttast både i situasjonar der talaren har ei klar forventing om dette, som i (7a–b) under, og der ein har ei meir audmjuk haldning (8a) eller snarare uttrykker ein invitasjon (8b). I valenskonstruksjonar der mottakarleddet er nemnt, finn vi dette verbet helst med eit ledd innleidd av preposisjonen *om* (7a–c). I tillegg kan *be*, til skilnad frå alle dei andre verba i undersøkinga, òg taka objektsinfinitiv (7d–e):

- (7) a. Jeg ber dem om å skaffe meg en advokat til den innledende etterforskningen (LBK)
 b. Jeg søkte uføretrygd og ba kommunen om et varig tilrettelagt botilbud (LBK)
 c. Må man virkelig gå aktivt ut og be dem om å gjøre noe (LBK)
 d. han ba oss holde søndagen hellig (LBK)
 e. Da jeg hadde time hos henne mandag morgen, gav hun meg behandling og bad meg skaffe meg et ryggkorsett (LBK)

Invitasjonstydinga er særleg knytt til valenskonstruksjonen der mottakarleddet står saman med eit lokalt adverbial som seier noko om kvar mottakaren blir invitert, og *be* må reknast som språkhandlingsverb også i valenskonstruksjonen i (8b):

- (8) a. jeg ber så pent, for jeg har ikke penger til drosje (LBK)
 b. Han har bedt meg på kino i kveld (LBK)

I eksplikasjonen under har vi freista å taka høgde for at *be* er kompatibelt med ulike haldningar hjå sendaren:

- (9) *X ba Y om noe (A)*
 a. X sa noe til Y på det tidspunktet
 X ville at noe skulle skje på grunn av det
 b. X sa noe slikt som dette:
 «jeg vil at du gjør dette (A)»
 c. X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:
 «etter jeg sier dette gjør Y kanskje A fordi jeg sier det»

Det ein rapporterer om når ein nyttar verbet *be* direktivt, er altså at talaren tenkte at mottakaren kanskje ville utføra ei handling fordi sendaren sa det ho gjorde.

Som nemnt i innleiinga er den enkle premissen ein går ut ifrå i NSM-analysar av semantisk struktur, at ord og konstruksjonar gjev oss tilgang til tyding, og at tydinga kan eksplikerast. Målet med ein eksplikasjon som den i (9) er at han skal dekka tydinga til verbet i så mange brukstilfelle som råd, samstundes som han gjer oss i stand til å skilja verbet frå andre verb. Det er eit viktig prinsipp at ein ikkje reknar med polysemi a priori, men i utgangspunktet freistar å koma fram til éin felles eksplikasjon. Berre når dette ikkje er mogleg, bør ein rekna med polysemi, jf. Goddard (2011: 42) og Wierzbicka (1996). Den tydinga som er eksplikert i (9), er meint å dekka tydinga til språkhandlingsverbet *be*, men ikkje til varianten av verbet knytt til religiøs bøn. Den sistnemnde varianten er knytt til andre valenskonstruksjonar enn språkhandlingsverbet; døme som *De ber til Gud* (NP *be* til NP) og *De ba hele kvelden*

(NP *be* AdvTID) beskriv ikkje typiske direktive språkhandlingar, sidan ein ikkje nødvendigvis bed om ei handling i vanleg forstand; bøn behøver ikkje innebera at ein seier noko, og mottakar i slike tilfelle er ikkje ein annan person (eller ei gruppe). Den varianten av *be* vi er ute etter, er knytt til andre valenskonstruksjonar, jf. (7) og (8).

Vidare freistar eksplikasjonen i (9) å beskriva ein prototypisk situasjon der verbet *be* blir nytta. Som Wierzbicka (1996: 161) peikar på, treng det ikkje å vera nokon motsetnad mellom prototypekategoriar og presise eksplikasjonar dersom eksplikasjonane ikkje er avgrensa til «objektive» semantiske komponentar. Berre gjennom t.d. å seia noko om korleis ein person som utfører den handlinga som blir beskriven gjennom *be*, typisk tenkjer, kan ein koma fram til eksplikasjonar som skil dette verbet frå andre språkhandlingsverb, jf. komponent (c) i eksplikasjonen i (9). Etter vårt syn er eksplikasjonar av denne typen òg kompatible med ein modell der ein går ut ifrå at valenskonstruksjonar er abstraksjonar over eksemplar-representasjonar, jf. Haugen (2016), det vil seia at skjematiske valenskonstruksjonar oppstår gjennom generaliseringar over spesifikke brukstilfelle som blir lagra i minnet. Det våre eksplikasjonar freistar å beskriva, er tydinga verba har i visse skjematiske valenskonstruksjonar der dei blir brukte.

Lat oss så sjå nærmare på fleire direktive språkhandlingsverb. Verbet *spørre* skil seg frå *be* ved at det har ein sentral informasjonskomponent; språkhandlinga som blir utført, er først og fremst at sendaren det blir rapportert om, formidlar eit ønske om at mottakaren skal seia noko om noko. Dette kjem òg fram syntaktisk gjennom at det typiske for *spørre* er at det blir brukt med indirekte spørjesetning som direkte objekt:

- (10)
 - a. Jeg spør Chris om jeg får muligheten til å bygge min favorittbygning (LBK)
 - b. han spurte den kvinnelige funksjonæren bak skranken om han kunne arbeide noe mer enn forutsatt (LBK)
 - c. Du spør ham hva han har (LBK)
 - d. En student spurte senere Einstein hva han ville ha gjort hvis ikke lyset hadde oppført seg som forutsagt (LBK)
 - e. Layla spurte om far kunne fortelle et eventyr (LBK)

Med slik utfylling beskriv *spørre* som oftast reint informasjonssøkande handlingar, men det finst døme der ein med *spørre* rapporterer om ei handling der ein indirekte bed også om ei handling utover det å svara på spørsmålet, slik som i (10e).

Elles kan *spørre* òg, i likskap med *be*, nyttast med ein preposisjonsfrase med *om*:

- (11) a. Ingen spør deg om din tro eller dine motiver (LBK)
 b. Sunde spurte om å få hjelp til å komme inn i Forsvarsstaben (LBK)

I (11a) har vi ei rein informasjonssøkande handling, medan vi i valenskonstruksjonen i (11b) har ei beskriving av ei handling der sendaren bed mottakaren om å utføra ei handling utover å svara på spørsmålet. Samstundes ønskjer sendaren eit svar på om dette er mogleg, noko som er ein sentral tydingskomponent også ved slik bruk av *spørre*. Slike indirekte handlingssøkande handlingar kan òg beskrivast av konstruksjonar som *spørre om å få noe* og *spørre om hjelp til noe*, men også her er informasjonssøking ein viktig komponent.

Sidan den informasjonssøkande komponenten, som tilsvrar «B» i (12) under, alltid er til stades, meiner vi det er tilstrekkeleg med éin variant av det direktive *spørre* i norsk, og vi foreslår dermed eksplikasjonen i (12) for dette verbet, der eit indirekte ønske om ei handling utover svar på spørsmålet er fakultativ (vi kjem tilbake til ei samanlikning med det engelske *ask* i del 5). Ein annan komponent som skil *spørre* frå *be*, er at når ein *spør* nokon om noko, ventar ein som regel eit svar der og då, og i det minste eit svar som fortel om ein kan seia noko om saka eller ikkje, jf. «nå» i line 2 i komponent (b) og line 4 i komponent (c) i eksplikasjonen i (12) under. Når ein *ber* nokon om noko, kan den handlinga ein ber om, derimot gjerne utførast på eit seinare tidspunkt.

- (12) *X spurte Y om noe* (A)
- X sa noe til Y på det tidspunktet
 X ville at noe skulle skje på grunn av det
 - X sa noe slikt som dette:
 «jeg vil at du sier noe B om noe A nå
 jeg vet ikke B om A, jeg vil vite
 (jeg vil at du gjør dette (A)
 jeg vet ikke om du vil gjøre A, jeg vil vite)»
 - X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:
 «Y kan kanskje si noe B om A
 etter jeg sier dette sier Y kanskje B om A fordi jeg sier det
 hvis Y ikke kan si B om A, sier Y noe slikt som dette: ‘jeg kan ikke si B om A’
 (etter jeg sier dette, gjør Y kanskje A fordi jeg sier det)»

Samanlikna med *be* og *spørre* inneber *trygle* ein sterkare appell frå talaren si side, samstundes som ein signaliserer ei audmjuk haldning. Syntaktisk er

hovudmønsteret, når mottakaren er nemnd, at det ein bed om, blir uttrykt i ein PP med *om*:

- (13) a. Hun tryglet moren om å sende henne ekstra mat (LBK)
- b. Andre tryglet oss om et sterkere engasjement (LBK)
- c. Han hevdet selv at William Cody tryglet ham om å bli en del av truppen (LBK)

Verbet *tryggle* signaliserer ei audmjuk haldning, jf. line 3 i komponent (b) i eksplikasjonen i (14) under. Sendaren går ikkje ut frå at mottakaren vil utføra den handlinga ho bed om, og ho signaliserer at det vil vera av stor verdi dersom mottakaren vil utføra handlinga. I tillegg er trygling noko som i dei fleste tilfelle har ei viss utstrekning i tid:

- (14) *X trygla Y om noe (A)*
 - a. X sa noe til Y en stund på det tidspunktet
 - X ville at noe skulle skje på grunn av det
 - b. X sa noe slikt som dette:
 - «jeg vil at du gjør dette (A)
 - jeg vet at du er noen som kan gjøre A
 - jeg vet at du ikke gjør A hvis du ikke vil gjøre A
 - det vil være veldig bra for meg hvis du gjør det
 - jeg vil at du tenker på det»
 - c. X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:
 - «jeg vet at Y kanskje ikke vil gjøre A
 - etter jeg sier dette gjør Y kanskje A fordi jeg sier det
 - jeg vet ikke
 - jeg vil vite
 - det vil være ille for meg hvis Y ikke gjør A
 - jeg vil at Y skal vite det»

Verbet *tigge* skil seg frå *tryggle* for det første ved at det er mindre fokus på mottakaren. I bruksdata er det sjeldan ein mottakar blir nemnd ved *tigge*, og dette verbet inngår i fleire valenskonstruksjonar der mottakaren ikkje blir uttrykt, enn det *tryggle* gjer. Ein tydeleg skilnad er det òg at mottakaren kan uttrykkast i ein PP som følgjer etter ein NP som uttrykker det det blir tigge om:

- (15) a. Midt ute på en høyslette måtte han tigge bensin av en hvit bonde (LBK)
- b. De aller mest elendige tigget småmynter fra dem som var litt bedre stilt (LBK)

Slike konstruksjonar er ikkje i bruk med *tryggle*, som har meir fokus på mottakaren. Ved *tigge* er det òg helst overføring av ting det blir bede om, ikkje

handlingar som tenester i seg sjølv. Det er såleis langt meir konvensjonelt å *tigga om pengar* enn å *tigga om ei teneste*. Ein annan viktig skilnad er at ein gjerne kan *trygla* nokon om å ikkje gjera noko, men det er ikkje like konvensjonelt å *tigga* nokon om å ikkje gjera noko. *Trygle* er såleis meir knytt til handlingar i seg sjølv, og kan òg brukast i situasjonar der ein vil at mottakaren skal lata vera å gjera noko. Tigging er òg gjerne mindre emosjonelt enn trygling, og det er fullt mogleg å *tigge* utan å bruka ord:

- (16) *X tagg Y om noe (A)*

a. X sa noe til Y på det tidspunktet

X ville at noe skulle skje på grunn av det

b. X sa noe slikt som dette

X sa det kanskje ikke med ord:

«mange gode ting er dine

få ting av denne typen er mine

det er ille for meg at få ting av denne typen er mine

jeg vil at du tenker på dette

jeg vil at du gjør noe»

c. X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:

«kanskje Y gjør A fordi jeg sier dette

jeg vet ikke»

Det durative aspektet og det appellative elementet vi såg ved *trygle*, er òg framtredande i verbet *overtale*, men det kjenslemessige engasjementet er ikkje like sterkt som i *trygle*. *Overtale* er det einaste verbet i undersøkinga som er heilt umogleg å nytta performativt; ein overtalar ingen ved å seia t.d. *Jeg overtalde deg til å bli*, og til skilnad frå dei andre verba i undersøkinga har *overtale* ikkje noko diktum (jf. at komponent (b) manglar i eksplikasjonen i (18) under). *Overtale* beskriv elles gjerne ein prosess som er utstrekkt i tid, og ein sentral komponent er at sendaren freistar å få mottakaren til å tenkja på noko på ein annan måte, noko sendaren håpar skal få mottakaren til å utføra den handlinga ho eller han ønskjer:

- (17) a. han overtalte meg til å sende telegrammet med ham (LBK)

b. vennene mine klarte å overtale dem til å la meg komme fram til hovedscenen (LBK)

Dette verbet har dermed ein komponent dei andre verba i undersøkinga manglar, jf. komponent (d) i eksplikasjonen i (18) under, nemleg ein komponent som seier noko om kva ytringa resulterer i av endring hjå mottakaren.

Ein føresetnad for at ein situasjon kan beskrivast med verbet *overtale*, er at mottakaren tenker annleis om det overtalinga gjeld.

Eit mottakarledd uttrykt i ein NP og ei handling uttrykt gjennom ein PP med *til* og infinitivkonstruksjon er den klart vanlegaste valenskonstruksjonen med dette verbet, og det utprøvande aspektet ved det å overtala kjem tydeleg fram om ein samanliknar med *oppfordre*: Ein kan *forsøke å overtale noen*, men ikkje *forsøke å oppfordre noen*. Vi foreslår dermed følgjande eksplikasjon av *overtale*:

- (18) *X overtalte Y til noe (A)*
- a. X sa noe til Y en stund på det tidspunktet
X ville at noe skulle skje på grunn av det
 - c. X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:
«jeg vet at Y kanskje ikke vil gjøre A
jeg vil at Y tenker på dette (A) på en annen måte
etter jeg sier noen ting vil Y kanskje gjøre A fordi jeg sier disse tingene
jeg vet ikke
jeg vil gjerne vite»
 - d. etter at X sa noe til Y en stund tenkte Y på dette (A) på en annen måte slik X ville

Til skilnad frå *overtale* kan *oppfordre* godt nyttast performativt:

- (19) Jeg vil med dette oppfordre alle om å møte opp (LBK)

Når ein *oppfordrar* nokon til noko, er ein ikkje like oppteken av å få eit svar som når ein freistar å *overtala* nokon, og ei oppfordring er fullført i det ho er meddelt. Den vanlegaste valenskonstruksjonen er, som for *overtale*, ein konstruksjon der mottakarleddet blir uttrykt i ein NP og handlinga blir uttrykt i ein PP med *til* og infinitivkonstruksjon:

- (20) a. Han oppfordret meg til å gjøre noe mer med stoffet (LBK)
b. Vi oppfordrer Rimi-Hagen til å tenke gjennom disse spørsmålene (LBK)

Ein viktig komponent i *oppfordre* er òg at sendaren vurderer den handlinga det blir oppfordra til, som ei god handling, jf. komponent (b) i eksplikasjonen i (21) under, og ei oppfordring inneber at ein er innforstått med at mottakaren ikkje vil utføra handlinga om ho ikkje vil sjølv, jf. komponent (c) i (21). I større grad enn *overtale* lèt ein eventuell respons vera opp til mottakaren:

- (21) *X oppfordra Y til noe (A)*
- X sa noe til Y på det tidspunktet
X ville at noe skulle skje på grunn av det
 - X sa noe slikt som dette:
«jeg vil at du gjør dette (A)
det er bra hvis du gjør det»
 - X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:
«etter jeg sier dette gjør Y kanskje A fordi jeg sier det
jeg vet ikke
jeg vet at Y ikke gjør A hvis Y ikke vil gjøre A»

Dette er noko *oppfordre* har felles med verba *anbefale* og *foreslå*. Dette er dei to verba i undersøkinga som er minst appellerande, i den forstand at dei legg minst vekt på å overtyda mottakaren om at dei bør utføra handlinga; dei signaliserer snarare at det kan vera bra for mottakaren å utføra handlinga.

Anbefale og *foreslå* skil seg frå kvarandre gjennom at ein nyttar *anbefale* helst når ein veit at mottakaren ønskjer å gjera noko eller endra noko, og *anbefale* signaliserer i tillegg at sendaren påberopar seg kunnskap som er viktig for avgjerda til mottakaren:

- (22) a. Konsulenten kan ikke anbefale forlaget å utgi manuskriptet (LBK)
b. Jeg anbefaler dessuten mange av dem å ta tilskudd av magnesium (LBK)
c. Ellers vil jeg anbefale Teige at han ikke leser så mye om hva Mykle skrev om nattoget (LBK)

I (22a) veit t.d. konsulenten at forlaget vurderer å gje ut manuskriptet, men argumenterer mot dette i kraft av kunnskap om emnet. I (22b) er det (ut frå korpuskonteksten) ein lege som veit at pasienten ønskjer å betra helsa si, og som difor tilrår magnesiumtilskot. Vi foreslår dermed følgjande eksplikasjon av *anbefale*:

- (23) *X anbefalte Y noe (A)*
- X sa noe til Y på det tidspunktet
X ville at noe skulle skje på grunn av det
 - X sa noe slikt som dette:
«jeg vet at du vil gjøre noe på et tidspunkt etter dette
jeg vet mange ting om slike ting som dette
det kan være bra for deg hvis du gjør A»
 - X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:
«jeg vet at Y ikke gjør A hvis Y ikke vil gjøre A»

Foreslå skil seg syntaktisk frå *anbefale* ved at eit eventuelt mottakarledd ikkje blir uttrykt gjennom ein NP, men gjennom ein PP med *for* (jf. 24c), og i vårt materiale er eit mottakarledd sjeldsynt med *foreslå* samanlikna med *anbefale*. Elles vert handlinga, som ved *anbefale*, gjerne uttrykt gjennom ein infinitivskonstruksjon eller ei *at-setning*:

- (24) a. han foreslo å kjøre fram ammunisjon (LBK)
b. Han foreslo at sykehuset burde skaffe inn ekstra klær til de syke (LBK)
c. Jeg foreslo for tyskerne at de kunne gå fram i konduktørvognen og varme seg
(LBK)

At *anbefale* er meir mottakarfokusert enn *foreslå*, kjem òg fram gjennom ein annan syntaktisk skilnad: Ved *anbefale* er det klart vanlegast at mottakarleddet blir følgt av ein infinitivkonstruksjon, slik som i (22a–b), og at mottakarleddet er underforstått subjekt for infinitiven. Det er med andre ord eit direkte samband mellom mottakaren og den handlinga som blir anbefalt. Med *foreslå* er det derimot vanlegare at mottakarleddet blir følgt av ei *at*-setning, og mottakaren har då ikkje nødvendigvis noko direkte med den handlinga som blir nemnt, å gjera:

- (25) Mor har selv foreslått for den sakkynlige at far kan følge c på en fritidsaktivitet (LBK)

I (25) er det t.d. slik at sendaren foreslår for mottakaren at ei handling blir utført på den måten som blir beskriven i *at-setninga*, utan at mottakaren er direkte involvert i den handlinga som blir beskriven. Språkhandlinga er såleis ikkje direkte knytt til handlinga i *at-setninga*, men går ut på å få mottakaren til å vurdera om noko kan skje på ein bestemt måte.

Ved *foreslå* er det ikkje nødvendigvis slik at sendaren går ut frå at mottakaren tenkjer å utføra ei handling, og sendaren påberopar seg ikkje nødvendigvis spesiell kunnskap. *Foreslå* liknar såleis meir på *oppfordre* enn på *anbefale*, men *foreslå* er meir forsiktig i oppmodinga enn *oppfordre*:

- (26) *X foreslo noe (A) for Y*

 - a. X sa noe til Y på det tidspunktet
 - X ville at noe skulle skje på grunn av det
 - b. X sa noe slikt som dette:
 - «det kan være bra hvis du gjør dette (A)
 - det kan være bra for deg hvis du tenker på det»
 - c. X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:
 - «etter jeg sier dette gjør Y kanskje A fordi jeg sier det –
 - jeg vet ikke
 - jeg vet at Y ikke gjør A hvis Y ikke vil gjøre A»

Vi kjem no til den gruppa av verb som signaliserer størst grad av overtyding om at mottakaren vil utføra handlinga, nemleg *kreve*, *beordre* og *kommandere*. *Kreve* skil seg frå *beordre* og *kommandere* ved at det som språkhandlingsverb som oftast står utan mottakarledd. Det krev då ei utfylling, som oftast har form av ein NP (27a) eller ei *at*-setning (27b), men det finst òg døme på infinitivkonstruksjon (27c):

- (27) a. partiet kommer til å kreve gjenytelser i Bergen (LBK)
- b. Arbeidstilsynet har krevd at Store Norske Spitsbergen Kulkompani iverksetter en beredskapsplan (LBK)
- c. du burde kreve å få en kompensasjon (LBK)

Ein viktig komponent i verbet *kreve* er at den handlinga som blir kravd, blir relatert til ein situasjon som deltakarane i konstruksjonen er involverte i, og dette er ein annan og meir overordna situasjon enn sjølvе ytringssituasjonen. I (27b) blir t.d. kravet om ein beredskapsplan knytt til den situasjonen at subjektet *Arbeidstilsynet* har mynde til å stilla eit slikt krav. Adjektiv som *rimelig* og *rettmessig* er sterke kollokatar til substantivet *krav*, medan det ikkje er like naturleg å snakka om ein *rimeleg ordre* eller ein *rimeleg kommando*. Vurderinga av eit *krav* som *rimeleg* eller *rettmessig* er knytt til den overordna situasjonen, der sendaren har ei rolle som legitimerer kravet.

Med verba *beordre* og *kommandere* er det meir fokus på mottakaren, medan mottakaren, dersom han blir nemnd i eit eige ledd med verbet *kreve*, helst blir nemnd i ein PP med *av* (28a–b) eller i ein konstruksjon der mottakaren blir uttrykt i ein NP følgt av ein PP med *for* (28c):

- (28) a. Og vi krever mye av soldatene våre (LBK)
- b. Jeg ble din bror fordi din far ba meg om det, insisterer han like rolig. – Hvis min far ikke hadde krevd av deg at du skulle komme, så hadde du ikke kommet for å møte meg? (LBK)
- c. Hun som antagelig drev Carlo til utroskap i hvert fall én gang, med sjalusi og mistenksomhet. Hun kunne kreve Carlo for en trygghet hun ikke hadde selv. (LBK)

Også i desse eksempla er det som blir kravd, knytt til overordna situasjonar der deltakarane i konstruksjonane har visse roller; i (28a) er krava som blir stilte, knytte til at dei som blir utsett for dei, er soldatar, medan det i dei to andre eksempla er klart ut frå konteksten at krava blir stilte med grunnlag i ulike typar sosiale relasjoner mellom deltakarane. Også i desse eksempla er det desse overordna situasjonane som legitimerer krava til sendarane, jf. dei to siste linene i

komponent (b) i eksplikasjonen i (29) under. Vi foreslår dermed følgjande eksplikasjon av *kreve*:

- (29) *X krevde at Y skulle gjøre A*

a. X sa noe til Y på det tidspunktet

X ville at noe skulle skje på grunn av det

b. X sa noe slikt som dette:

«jeg vil at du gjør dette (A)

du vet at du gjør A fordi du er eller vil gjøre noe annet B

jeg kan si dette fordi jeg gjør noe eller er noe med B»

c. X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:

«jeg vet at A skjer etter dette

etter jeg sier dette gjør Y A fordi Y er eller vil gjøre noe annet B»

Relasjonen mellom handlinga som blir kravd, og den situasjonen handlinga blir relatert til, er endå tydelegare når *kreve* blir nytta med ikkje-animat subjekt, slik som i *Et demokrati krever borgere med kunnskaper* (LBK), *Noen studier krever opptaksintervju* (LBK) og *Selve byggingen må ha krevd nøyne planlegging* (LBK). I desse situasjonane viser subjekta i seg sjølv til dei situasjonane krava er relaterte til. T.d. er det i eit demokrati nødvendig at borgarane som skal deltaka i det, har kunnskapar, medan ein må gjennom opptaksintervju for å koma inn på visse studium. I den bruken av *kreve* der det blir rapportert om ei direktiv språkhandling, er det subjektet som stiller kravet, men relasjonen til ein annan situasjon enn sjølve den direktive handlinga er framleis til stades.

Verba *kommandere* og *beordre* har, som nemnt, eit sterkare fokus på mottakaren enn *kreve*, og ein vanleg valenskonstruksjon med desse verba er ein konstruksjon der mottakaren blir uttrykt i ein NP, og der handlinga blir uttrykt i ein PP med *til* og infinitivskonstruksjon:

- (30) a. Hun kommanderte hunden til å gå opp (LBK)

b. Så kommanderte de oss til å gå (LBK)

c. økokrim har beordret rundt 20 politifolk til å saumfare området (LBK)

d. Fredrik 6. hadde beordret Kristian Fredrik til å overlevere de norske grensefestningene til svenskene (LBK)

Med *kommandere* og *beordre* signaliserer sendaren typisk at han veit at mottakaren ikkje har noko anna val enn å utføra handlinga, og det sterke fokuset på mottakaren er òg tydeleg i valenskonstruksjonar med mottakarledd og lokalt adverbial, der adverbialet seier noko om kvar mottakaren blir beordra eller kommandert til å flytta seg:

- (31) a. Så beordret soldatene barna ut av bilen (LBK)
 b. Jakob kommanderte øyeblikkelig en mann ned til sjøen (LBK)

Denne konstruksjonen er ikkje i bruk med *kreve*.

Ein interessant skilnad mellom *kommandere* og *beordre* er at *kommandere* helst berre blir brukt når handlinga skal utførast umiddelbart, medan *beordre* godt kan nyttast sjølv om handlinga ligg eit stykke fram i tid, jf. (30c–d). Vi kan gjerne *beordra* nokon til å gjera noko neste veke, men gjerne ikkje *kommandera* nokon til å gjera noko neste veke.² Vidare er *beordre* sterkare knytt til sanksjonar dersom handlinga ikkje blir utført. Vi har såleis *ordrenekt* som etabla ord, men ikkje *kommandonekt*. Vi foreslår dermed følgjande eksplikasjonar:

- (32) *X kommanderte Y til noe (A)*
- X sa noe til Y på det tidspunktet*
X ville at noe skulle skje på grunn av det
 - X sa noe slikt som dette:*
 «jeg vil at du gjør dette (A) nå
 jeg vet at du vil gjøre dette nå fordi jeg sier det
 du vet det samme»
 - X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:*
 «jeg vet at etter jeg sier dette kan ikke Y ikke gjøre A
 Y vet det samme»
- (33) *X beordra Y til noe (A)*
- X sa noe til Y på det tidspunktet*
X ville at noe skulle skje på grunn av det
 - X sa noe slikt som dette:*
 «jeg vil at du gjør dette (A) på et tidspunkt etter dette
 jeg vet at du vil gjøre dette fordi jeg sier det
 du vet det samme»

2. Ein kan finna eksempel der *kommandere* blir brukt også om handlingar som skal utførast lenger fram i tid: *Helen Thayer – 50 år gammel, opprinnelig fra New Zealand – ville gå på ski til Nordpolen, og hadde liten erfaring med sledebikkjer. Hun ble kommandert til å ta med seg en middels gammel polarhund for sikkerhetens skyld, spesielt på grunn av isbjørnfaren* (<http://www.hundekjoring.no/nyhetsarkiv/sette-seg-et-mal-og-na-det/>). Intuitivt er dette ein lite typisk bruk av dette verbet, noko òg korpusmaterialet stadfestar, og det er interessant at eksempelet er å finna på ei nettside om hundekjøring, der kommandoar er meir sentrale element i diskursen enn i mange andre kontekstar. At verbet blir hyppig brukt i kontekstar som har med hundar å gjera, blir òg stadfesta i korpusmaterialet: Av dei 200 tilfeldige eksempla (i LBK) som undersøkinga bygger på, står 4 % i ein kontekst der det er hundar som blir kommanderte. Likevel er det klart ein militær kontekst som er dominerande.

c. X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:

«jeg vet at etter jeg sier dette kan ikke Y ikke gjøre A

Y vet det samme

det vil være ille for Y hvis Y ikke gjør A»

I analysane over har vi vist at NSM er eit veleigna verktøy for å analysera tydingsskilnader mellom norske direktive språkhandlingsverb, og i det følgjande skal vi sjå at dei semantiske grunneiningane òg er godt eigna til å samanlikna tydingar mellom ulike språk.

5 Nokre samanlikningar med engelsk

Eit godt døme på at det er problematisk å operera med universelle språkhandlingsar, og på at ulike språk deler inn det Wierzbicka (1987: 10) kallar ‘universet av språkhandlingar’ på ulike måtar, har vi om vi samanliknar det engelske verbet *ask* med dei norske verba *be* og *spørre*. Ein kunne, for å nytta Searles merkelappar på universelle språkhandlingar, seia at det engelske *ask* kan nyttast både for å utføra språkhandlinga ‘question’ og for å utføra språkhandlinga ‘request’, medan dei norske verba helst blir brukte høvesvis til å utføra ‘request’ og ‘question’. Etter vårt syn er likevel ikkje kategoriane *request* og *question* meir universelle enn *ask*; dei er alle engelske språkhandlingsverb, og vi oppnår ikkje noko ved å definera dei gjennom kvarandre. For å kunna seia noko om korleis *ask* skil seg frå *be* og *spørre*, behøver vi metaspråklege analysar, og i analysen under nyttar vi norske eksponentar av NSM; eit viktig poeng med metaspråket er at grunneiningane moglegger presise samanlikningar begge vegar.

Av dei engelske språkhandlingsverba som dekker det semantiske feltet til verb som *be* og *spørre* i norsk, er *ask* det mest frekvente,³ og dette verbet kan nyttast både i kontekstar der vi i norsk nyttar *spørre*, og der vi heller nyttar *be*. Både i Wierzbicka (1987: 50–51, 56–58) og i Goddard & Wierzbicka (2014b: 162) reknar ein med to ulike variantar av *ask*: *ask*₁ (*ask someone to do something*) og *ask*₂ (*ask someone a question*). Utan vidare vil ein då tenkja seg at ein rimeleg eksplikasjon av engelsk *ask*₁ vil ha mykje til felles med norsk *be*, medan eksplikasjonen av *ask*₂ ligg nær *spørre*. Dette høver nok temmeleg godt med den vanlegaste bruken av desse verba, men vi skal argumentera for at det ikkje er så enkelt.

3. I British National Corpus (BNC) finn vi følgjande frekvensar per million ord (basisform): *ask*: 189,39; *beg*: 8,54; *plead*: 3,72; *intercede*: 0,34; *implore*: 0,28; *beseech*: 0,23; *entreat*: 0,11.

I analysen av *spørre* i del 4 viste vi at dette verbet ikkje berre dekker tydinga ‘stilla eit spørsmål’, men at det også kan brukast for å oppnå ei ikkje-språkleg handling. Det avgjerande er at ein ventar eit verbalt svar i tillegg (for å forenkla, vil vi i denne samanhengen bruka omgrepet «verbale svar» også om ikkje-verbale kommuniserande handlingar som gestar eller liknande, som ikkje er identiske med den handlinga som er etterspurt). I (11b), *Sunde spurte om å få hjel til å komme inn i Forsvarsstabben*, blir ein konstruksjon med *spørre* brukt for å setja i gang ei handling hjå mottakar, og då ikkje ei reint språkleg handling. Dette kunne sjølv sagt også vore uttrykt med *be*, utan endring i valensmønsteret (jf. *Sunde ba om å få hjel til å komme inn i Forsvarsstabben*). Det vil vera vanskeleg å omsetja dette til engelsk utan at det *ask* som blir brukt, må oppfattast som *ask₁*, ikkje *ask₂*.

Ein kunne då spørja om det også på norsk finst to variantar av det direktyve *spørre*, sidan ordet kan nyttast både om ein berre vil ha eit svar, og om ein òg ber om ei ikkje-verbal handling. I vår analyse (del 4) reknar vi likevel med éin felles eksplikasjon for *spørre*. Forventinga som ligg i dette verbet om at mottakaren uansett skal *seia* noko, meiner vi er felles for all bruk av dette verbet, medan ei forventing om at mottakar skal *gjera* noko, *kan* koma i tillegg. Som eksplikasjonen i (12) seier: *I spørre* ligg det alltid eit element av «jeg vil at du sier noe B om noe A nå». Ein situasjon der ein berre ønskjer ei ikkje-verbal handling, og der eit verbalt element ikkje er venta, tykkjест på norsk å føresetja bruk av *be*. *Spørre* verkar t.d. ikkje som ei naturleg erstatning for *be* i: ... *han bryter sammen på sofaen og jeg ber ham om å flytte seg* (LBK). Forventinga om verbal respons knyter såleis saman alle tilfella av *spørre*, og skil dei frå *be*. Det er viktig å merka seg at *be* også *kan* nyttast i situasjonar der ein ventar verbal respons, særleg når det uttrykkjer ein invitasjon: Sjå våre døme (8 a–b) og merknaden til (11b) over. Vårt poeng er at *spørre* blir nytta *berre* i slike situasjonar.

Lat oss då sjå på korleis vi kan skilja mellom *ask₁* og *ask₂* på engelsk, og korleis dette kan relaterast til dei norske verba. Vi tek utgangspunkt i eksemplsetningane under, som vi har sortert i det vi intuitivt oppfattar som klare døme på *ask₁* (34), klare døme på *ask₂* (35), og eit par døme som er litt vanskelegare å plassera (36), men som vi under vil argumentera høyrer til *ask₁*:

- (34) a. Both parties would ask the Federal Assembly to prepare the relevant legislation which would require approval by 60 per cent of votes in both houses (BNC)
- b. DoE and the Department of Trade and Industry have asked the British Standards Institution to revise any analytical standards that lay down the use of either of these compounds (BNC)

- c. Tell the President that you have read about their case, that their trial was unfair — even the Appeal Court agrees on this — and ask that they are released immediately (BNC)
 - d. ‘I was going to ask you a small favour,’ said Mr Chan (BNC)
 - e. So I started to get people to come in and ask me to specifically teach them stuff that was on my records (BNC)
- (35) a. Dr Dixon said, ‘With up to 20 years from infection to illness, we just have to ask how many of our congregation have been added during that time?’ (BNC)
- b. A tourist may ask many questions about an unfamiliar scene (BNC)
- c. Naipaul’s readers could well have become inclined to ask why it is that his novels seem to say that there is nothing to be done in, or with, the countries of their concern (BNC)
- d. Do I have to choose between goat’s cheese and chocolate cake? as Queneau used to ask (BNC)
- e. When the police asked if he would do it again Ninham admitted he would (BNC)
- (36) a. Telephone or write to Christine Catlin or Janet Sutton and ask for an application form (BNC)
- b. If you would like to help us financially why not ask one of our Home Care team for details (BNC)

Eit første spørsmål det er naturleg å stilla, er om vi kan skilje mellom *ask₁* og *ask₂* på grunnlag av valens. Valenskonstruksjonen i (34e): [*ask NP to Inf*] er t.d., så vidt vi kan sjå, berre knytt til *ask₁* (dette er også eit argument for at Wierzbicka 1987 og Goddard & Wierzbicka 2014b har rett når dei reknar *ask* som polysemt). På norsk har vi eit liknande syntaktisk skilje mellom *be*, som kan taika objektsinfinitiv, jf. *De bad ham undervise*, og *spørre*, som ikkje tek objektsinfinitiv, jf. **De spurte ham undervise*.

Det eksisterer altså eit valensmønster som er eksklusivt for *ask₁*, og det ser ut til at i alle fall eitt valensmønster er eksklusivt også for *ask₂*: Spørjande leddsetningar med spørjeord (*when*, *where*, *how*) ser ikkje ut til å kunna stå som direkte objekt til *ask₁*. Likevel er kanskje ikkje valensmønster åleine tilstrekkelege for å draga eit klart skilje mellom dei to variantane. Om vi ser på (35e), har vi der også ei spørjande leddsetning (då av ja/nei-typen) som objekt til *ask*. Bruken av *admitted* seinare i utsegna syner at dette er *ask₂*, men i ein annan samanheng vil *ask* + ei slik leddsetning kunna tolkast som *ask₁*: *The police asked him if he would do it again* kan vera ein måte å referera *ask₁*-spørsmålet *Would you (please) do it again?*.

Wierzbicka (1987: 67) argumenterer for at *ask* er polysemt ut ifrå to hovudargument: Ho hevdar at *ask₁* føreset at mottakaren ikkje er forplikta til å utföra handlinga (her ser Wierzbicka *ask₂* som nøytralt), og at *ask₁* føreset at sendaren ber om eit gode for seg sjølv. I Goddard & Wierzbicka (2014b: 162)

er det siste justert til at sendaren generelt ser det etterspurde som eit gode («good for me» er endra til «good»).

Ut ifrå våre analysar og samanlikningar med norsk vil vi argumentera for å skilja mellom dei to variantane av *ask* på eit noko anna grunnlag enn Wierzbicka (1987: 49–50, 66–68) og implisitt Goddard & Wierzbicka (2014b: 162–163). Vi vil for det første stilla spørsmål ved om komponenten «good» (med eller utan «for me») er ein naudsynleg del av tydinga til *ask₁* i det heile. Ein altruistisk person kan nytta *ask₁* som i (34c), der handlinga knapt er eit direkte gode for vedkomande sjølv. I andre tilfelle blir *ask₁* nytta om handlingar som klart ikkje kan oppfattast som allment gode – eitt døme er: *Former cellmate testifies Fitch asked him to kill two key witnesses, including Fitch's ex-girlfriend.*⁴ Det er vanskeleg å sjå at *ask₁* konsekvent inneber at handlinga er god på annan måte enn at sendaren ønskjer henne.

Ein kan også stilla spørsmål ved om *ask₁* faktisk føreset ein mottakar som står heilt fritt i høve til å utføra det ho eller han blir spurta om. Nokre døme høver godt til dette (34d), medan t.d. (34b) ikkje gjer det. Vi meiner difor at *ask₁* er nøytralt på dette punktet.

Sidan døme som dei i (36a–b) kan seiast å ligga i grenseland mellom dei to variantane av *ask*, er dei særleg interessante for korleis vi skal forstå meiningsstilhøvet mellom dei. Det kunne vera freistande å seia at *ask₁* (*ask someone to do something*) alltid etterspør ein i hovudsak ikkje-verbal respons, medan *ask₂* (*ask a question*) alltid etterspør ein verbal respons, men det meiner vi blir for enkelt (som vi òg såg med *spørre* på norsk). I (36) vil responsen på det sendaren spør om, utan tvil vera verbal på ein eller annan måte, men vår intuisjon seier at det likevel er snakk om *ask₁*. I dømet i (36a) er dette kanskje enklare å forstå enn i (36b): Dei som blir *asked* i (36a), treng ikkje kjenna det verbale innhaldet i dokumentet som blir overrekt – responsen i (36a) er utan tvil ei handling meir enn eit verbalt svar. I (36b), derimot, vil vi venta ein verbal respons som i faktisk innhald vil vera identisk med det som kan bli gjeve når nokon *ask₂* (*ask a question*). Kan vi då likevel skilja det frå *ask₂*? Sjølv om den faktiske verbale handlinga som resulterer av dette *ask*, ikkje kan skiljast frå eit svar, blir det frå den primære sendaren ikkje faktisk etterspurt som eit *svar* – altså som ein verbal respons som skal fylla ut eit spesifisert kunnskapstomrom – men derimot som ei i mindre grad predefinert *handling*. Etter vårt syn er dette tilhøvet, mellom eit spørsmål med eit definert informasjonstomrom og

4. <http://www.startribune.com/ex-cellmate-testifies-fitch-asked-him-to-kill-fitch-s-former-girlfriend-another-witness/290080331/>

eit svar som skal fylla tomrommet, grunnleggande for bruken av *ask₂*. Dette elementet ligg implisitt også i Wierzbickas (1987: 66) drøfting av *ask₂*, der bruken av frasen «asking a question» peikar mot dette. Vi meiner også at det faktisk ligg i eksplikasjonen av *ask₂* same stad («I want you to say something that could cause someone to know X»). Wierzbicka framhevar ikkje dette som avgjerande, men etter vårt syn er dette ein sentral komponent for å skilja mellom dei to variantane.

I tillegg til dette grunnleggande elementet ser vi også spørsmålet om mottakar sine plikter ved *ask₁* og *ask₂* som interessant, og vi finn eit moment i eksplikasjonen av *ask₁* i Goddard & Wierzbicka (2014b: 162) som peikar vidare. Eksplikasjonen føreset at sendaren har to separate ønske: «I want you to do this (A)» og «I want to know». *Ask₁* inneber ikkje at ein utan vidare reknar med at mottakaren må utføra handlinga (her ser vi som sagt verbet som nøytralt). Derimot reknar den talande med å bli informert om mottakaren vil utføra handlinga. Denne informasjonen må ikkje gjevast straks, og han kan bli formidla til sendaren på to måtar: anten gjennom eit verbalt svar eller gjennom at handlinga faktisk blir utført. Indignasjonen som kan knytast til ei ytring av *I asked you to clear up your room*, er t.d. rimeleg dersom mottakaren signaliserer at han vil utføra den ønskte handlinga, men likevel ikkje gjer ho, og også om mottakaren ikkje har gjeve nokon verbal respons på oppmodinga (og då heller ikkje har utført handlinga). Ein slik respons frå den opphavlege sendaren vil derimot ikkje utan vidare vera rimeleg dersom mottakaren har gjeve eit svar som indikerer at ho ikkje vil eller ikkje kan utføra handlinga. Dette skil *ask₁* frå *tell*: *I told you to clear up your room* kan vera ein rimeleg respons på ei manglande handling, uavhengig av om mottakaren verbalt har gjeve ein grunn for å ikkje utføra handlinga: Det kan til og med koma som ein direkte reaksjon på ei slik grunngjeving.

Dei to komponentane i *ask₁*, der ein ønskjer både ei handling og informasjon, har viktige parallellear til *spørre*, der ein også i somme høve ønskjer å oppnå både ei handling og eit svar. Her er det likevel ein viktig skilnad: Responsen på *spørre* vil typisk koma straks og vera reint kommuniserande (verbal, eller i form av ein gest eller liknande), medan responsen på *ask₁* som sagt ikkje treng koma straks, jf. det vi sa tidlegare om at *spørre* ikkje verkar naturleg å bruka når ein berre ventar ei fysisk handling (... *jeg ba ham om å flytte seg* vs. *jeg spurte ham om å flytte seg*). På engelsk er ikkje bruk av *ask* problematisk sjølv om ei fysisk handling åleine skulle vera den naturlege responsmåten: *I asked him to move over* er fullt akseptabelt og hyppig brukt (og eit døme på

ask₁). Det er sjølvsagt fullt mogleg å kombinera ein verbal og ein ikkje-verbal respons, men det er ikkje naudsynt, slik vi meiner det typisk er med norsk spørre.

Medan det ligg ei forventing anten om ei ikkje-verbal handling eller eit verbalt svar i *ask₁*, gjeld forventinga i *ask₂*, som i *spørre*, altså ein verbal respons som kjem straks. Også her har vi ei todeling: Sendaren ønskjer primært at mottakaren skal seia noko om saka spørsmålet gjeld, men det har mottakaren ikkje direkte plikt til – her er *ask₂* nøytralt. Men dersom mottakaren ikkje kan seia noko om sjølve saka, eventuelt ikkje vil seia noko, ventar sendaren å få vita dette – her er *ask₂* ikkje nøytral i høve til svarplikta. Å gje eit slikt verbalt svar er ei minimal yting. Når ein stiller eit spørsmål, ligg det ei klar forventing om straks å få ein verbal respons – om så berre *Eg veit ikkje*, eller til og med *Ingen kommentar*.

Den venta responsen frå ein mottakar som ikkje vil eller ikkje kan utføra det ho blir beden om, vil vera reint kommuniserande både etter *ask₁* og *ask₂*. Skilnaden mellom *ask₁* og *ask₂* gjeld dei tilfella der mottakaren kan og vil gjera det ho blir beden om: Sidan *ask₂* ber om ei kommunikativ handling, blir responsen uansett kommunikativ. Sidan *ask₁* ber om ei handling som ikkje er reint kommunikativ, vil den eigentlege responsen hjå ein mottakar som oppfyller ønsket, bli ikkje-verbal, eventuelt med verbal eller anna kommunikativ støtte. Vi foreslår dermed følgjande eksplikasjonar av *ask₁* og *ask₂*:

(37) *X 'asked₁' Y om noe A*

- a. X sa noe til Y på det tidspunktet
X ville at noe skulle skje på grunn av det
- b. X sa noe slikt som dette:
«jeg vil at du gjør dette A
jeg vet ikke om du vil gjøre A, jeg vil vite»
- c. X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:
«etter jeg sier dette gjør Y kanskje A fordi jeg sier det
hvis Y ikke kan gjøre A, sier Y noe slikt som dette: 'jeg gjør ikke A på grunn av B'»

(38) *X 'asked₂' Y om noe A*

- a. X sa noe til Y på det tidspunktet
X ville at noe skulle skje på grunn av det
- b. X sa noe slikt som dette:
«jeg vil at du sier noe B om noe A nå»
- c. X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:
«Y kan kanskje si noe B om A
etter jeg sier dette sier Y kanskje B om A fordi jeg sier det
hvis Y ikke kan si B om A, sier Y noe slikt som dette: 'jeg kan ikke si B om A'»

Det blir då eit avgjerande skilje mellom våre eksplikasjonar av *ask*₂ og *spørre* at medan begge inneheld forventinga om ei verbal tilbakemelding som fyller eit informasjonstomrom («jeg vil at du sier noe B om A»), og at den verbale tilbakemeldinga kjem utan opphold («nå»), så opnar ikkje *ask*₂ for elementet «jeg vil at du gjør dette A» – altså at dette også inneber ei ikkje-verbal handling, jf. eksplikasjonen i (12).

Om vi på same måte samanliknar eksplikasjonane av *ask*₁ og *be*, ser vi at *ask*₁ har elementet «jeg vet ikke om du vil gjøre A, jeg vil vite» (jf. 37), som skil det frå *be*. Dette plasserer *ask*₁ i ei mellomstilling mellom *spørre* og *be*. Det er ikkje like klart informasjonssøkande som *spørre* (eller *ask*₂, sjølv sagt), men likevel meir informasjonssøkande enn *be*. Elementet «jeg vil vite» tyder også at ein pålegg mottakaren ei sosial plikt til å respondera med ord om ein ikkje gjer det med handling. Dette gjer bruken av verbet *ask*₁ til eit meir direkte krav enn bruken av *be*. Den som nyttar *ask*₁, er ikkje audmjuk, den som *ber*, kan (men må ikkje) vera det. Dette er ein viktig skilnad.

Det norske *be* har også bruksmåtar som ligg nær opp til engelsk *beg*. Jo meir audmjuk appellen til mottakaren er, jo meir truleg er det at *be* blir omsett med *beg*:

- (39) a. If he did she would break down completely and beg him to hold her, beg him not to leave her (BNC)
- b. Devastated I may be, but I'm damned if I'll give her the satisfaction of hearing me beg for mercy (BNC)
- c. Nicholas had obliged the Austrian Emperor to beg for help in person (BNC)
- d. If she had to beg, she would beg (BNC)
- e. Take, I beg you, a word of explanation to Elizabeth Lavenza, my betrothed (BNC)

Dette gjer det interessant å taka med *beg* i denne samanlikninga, også fordi vi meiner det finst viktige skilnader mellom dei norske *tigge* og *tryggle* og det engelske verbet. I høve til *ask*₁ uttrykker *beg* altså ei meir audmjuk haldning overfor mottakaren. *Beg* er berre handlingssøkande, og ikkje samstundes informasjonssøkande, og verbet tillegg i det heile ikkje mottakaren plikt til å respondera.

Wierzbicka (1987) legg sterk vekt på det kjenslemessige innhaldet i *beg*. Eksplikasjonen hennar (1987: 53) (1987-eksplikasjonane nyttar eit større sett av metaspråklege termar enn det vi opererer med her), inneholder komponenten «I know I can't cause it to happen I feel something because of that», og i den vidare drøftinga seier ho «The speaker can't bear the thought that he may be

unable to obtain what he so fervently desires, [...]. Dette er kombinert med eit element av gjentaking: *beg* signaliserer, seier Wierzbicka, vilje til å gjenta ønsket til det blir oppfylt. I tillegg har verbet eit innslag av at den talande inntek ei audmjuk haldning: «[...] begging suggests a humble, abject attitude» (Wierzbicka 1987: 53).

Etter vårt syn inneber ikkje *beg* nødvendigvis eit sterkt kjenslemessig engasjement. Vi har det rett nok i døme som (39a), og (39b) kan også tolkast slik, men det sendaren i (39b) til sjuande og sist aviser, er å stilla seg sjølv i ein audmjuk posisjon. Og når vi ser på døma i (39c–e), vil vi hevda at eit sterkt kjensleinnhald ikkje pregar desse, minst av alt gjeld dette dømet i (39e), som er heller formelprega. *Beg* er i det heile involvert i høflege uttrykk som slett ikkje signaliserer sterke kjensler: *I beg your pardon, I beg to differ*. Ein eksplikasjon som legg vekt på at det faktisk vil vera ille for X om Y ikkje gjer A, høver dårleg med slik bruk av verbet, og dette er noko som skil *beg* frå *tryggle*, jf. eksplikasjonen i (14), der dette er ein viktig del av komponent (c). Wierzbicka reknar det som sjølvsagt at *beg* i *I beg your pardon* har ei anna tyding enn det ikkje-formelprega. I si drøfting nyttar ho døme som tilsvrar vårt (39a). Det slår oss at det skiljet Wierzbicka (1987) føreset mellom eit kjensleprega *beg* og den meir formelmessige bruken, jf. òg Sadock (1994: 399), ikkje er lett å trekka: Våre døme tykkjest ligga på ein skala mellom desse, utan klare brot.

Det er likevel slåande at den performative bruken av *beg* – slik vi finn han i (39e) og i dei høflege formlane – heilt generelt tykkjest å vera kjenslemessig kjølegare (40a) enn den ikkje-performative bruken (40b):

- (40) a. I beg you not to leave
 b. He begged her not to leave

Etter vårt syn har det kjenslemessige innhaldet i (40a) meir å gjera med elementet i *beg* av å stilla seg i ein audmjuk posisjon, enn med sendaren sine faktiske kjensler. Når *beg* blir brukt performativt, kan valet av eit verb som uttrykkjer audmjuk haldning, vera basert på ei slags høfleg overdriving: Det å stilla seg i ein audmjuk posisjon kan vera ein høfleg gest til mottakaren (dette kjem sjølvsagt mykje an på intonasjon og trykk). Den ikkje-performative bruken ser situasjonen på objektiv avstand, og bruken av eit verb med sterke kjenslemessige implikasjonar vil då meir truleg ha sin grunn i den faktiske situasjonen.

Kva skjer med dette tilhøvet om vi omset desse setningane til norsk? Finn vi det same tilhøvet speglar her? Vi vil hevda nei. Her blir det sjølvsagt eit spørsmål om kva verb som er mest naturleg å bruka – *be* eller *tigge*. Eit raskt google-søk på den nøyaktige frasen *jeg tigger deg om å gjev ti treff* (inkludert replikasjonar). Eit søk på den same frasen med *ber* gjev 10 700 treff. *Trygler* er nok noko meir brukt som performativ enn *tigger*, men blir nokså klart for sterkt her. Det kan såleis knapt vera tvil om at *ber* er det mest naturlege valet her:

- (41) a. Jeg ber deg om å bli
 b. Han ber henne om å bli

Her vil vi hevda at den performative bruken i (41a) ofte kan verka meir kjenslefylt på norsk. (41b) kan brukast til å referera alt frå intens bøn til eit nokså avslappa forslag: Det er på ingen måte sikkert at verbet *be* er brukt i situasjonen skildra i (41b), det motsette er meir truleg («Kan du ikkje bli litt til?» «Bli litt lenger, da!»). Performativ bruk av verb tematiserer tilhøvet mellom sendar og mottakar, og gjer såleis kommunikasjonen meir formell. For verb som i ikkje-performativ bruk refererer til situasjonar som ikkje treng vera spesielt audmjuke eller kjenslefylte, er det naturleg at ei slik tematisering styrkar inntrykket av at sendaren gjer seg audmuk (også fordi verbet *be* her faktisk blir brukt i oppmodinga). For eit verb som derimot i vanleg bruk innehold eit sterkt element av audmjukskap (som *beg*), blir situasjonen nærast motsett.

Ein kan også nemna at medan *be* ikkje sjeldan blir brukt performativt, så er *tigge* nokså sjeldan brukt på denne måten på norsk: *tigger* kollokerer i Leksikografisk bokmålskorpus klart sjeldnare med *jeg* som føreledd enn *ber* gjer. Sannsynlegheitstesten *LogLikelihood* gjev ein ratio for *jeg* som ord 1 i bigram med *ber* på rundt 227, medan LLR for *jeg* som ord 1 i bigram med *tigger* er 5,5. Vi er sjølvsagt medvitne om at ein slik kollokasjon på ingen måte treng tyda performativ bruk for korkje *be* eller *tigge*. Likevel, sidan performativ bruk sjeldan vil skje utan kollokasjon med *jeg* (eller eventuelt *vi*), ser vi dette som relevant. Som performativ har altså *jeg ber* få og sjeldan brukte alternativ når ein treng å uttrykka eit underleg ønske, og kan difor bli brukt om meir intense kjensler her enn i ikkje-performativ bruk som (41b), der *tigge* finst som eit reelt alternativ om ein treng eit noko meir intenst uttrykk.

Som vi var inne på over, hevdar Wierzbicka vidare, med støtte i Hayakawa (1969), at *beg* innehold komponenten «I don't want to stop saying that I want this to happen»: Den talande trugar med å halda fram med å masa til ho får

viljen sin. Det er naturleg å sjå dette i samband med den kjensleladde bakgrunnen, og det slår oss at dette elementet heller ikkje er sterkt i dei lite kjensleladde døma (40c–e). Dette er òg ein skilnad frå det norske *trygle*, som har ein tydelegare durativ struktur, jf. eksplikasjonen i (14).

Derimot høver elementet av audmjuk haldning til alle døma i (39) og (40). Den talande seier til mottakaren: Det er du som har makta i denne situasjonen. Dette er også ei mogleg forklaring på kvifor det i bakgrunnen for denne handlinga *kan* vera sterke kjensler. *Begging* er i utgangspunktet ei nedverdigande handling – ei handling der den talande set mottakaren over seg sjølv, og med det også set seg sjølv lågt – og det er difor noko du ikkje vil gripa til utan sterke insentiv. Vi ser dette klart i (39c). Sterke kjensler kan vera eit slikt insentiv, men er ikkje ein naudsynleg føresetnad for handlinga. Fokuset i *beg* ligg likevel først og fremst i sendaren si framstilling av mottakaren som personen med autoritet og kraft til å gjera det som er ønskt, noko sendaren ikkje har. Vi forslår dermed følgjande eksplikasjon for *beg*:

(42) *X 'begged' Y om noe A*

a. X sa noe til Y på det tidspunktet

X ville at noe skulle skje på grunn av det

b. X sa noe slikt som dette

X sa det kanskje ikke med ord:

«jeg vil at du gjør dette (A)

jeg vet at du er noen som kan gjøre A, jeg kan ikke gjøre A

jeg vet at du ikke gjør A viss du ikke vil gjøre A

jeg vil at du tenker på det»

c. X sa det slik som noen kan si noe til noen andre når X tenker slik som dette:

«jeg vet at Y kanskje ikke vil gjøre A

etter jeg sier dette gjør Y kanskje A fordi jeg sier det»

Vi har då òg kome fram til ein viktig skilnad mellom engelsk *beg* og norsk *be*: Bruk av det norske verbet treng i seg sjølv ikkje implisera at sendaren stiller seg i ein audmjuk posisjon, medan dette er eit av dei sentrale momenta i det engelske verbet (*Jeg kan ikke gjøre A. Jeg vet at du ikke gjør A viss du ikke vil gjøre A*).

Den audmjuke haldninga har *beg* til felles med norsk *trygle*, noko som er eksplikert gjennom at dei to verba deler komponenten «jeg vet at du ikke gjør A viss du ikke vil gjøre A». Derimot meiner vi altså (sjå over) at *beg* ikkje treng vera prega av sterke kjensler, noko *trygle* er. Slike sterke kjensler er eksplikert i komponenten «det vil være veldig bra for meg» i *trygle* (jf. 14), som manglar i

beg. Det ser også ut til at *beg* ikkje er like klart durativt som *trygle*, jf. at *beg* ikkje deler komponenten «en stund» med det norske verbet.

Ved bruk av *beg* kan sendaren vera i ein objektivt underordna posisjon, men treng ikkje vera det. At dette ikkje er naudsynt, ser vi t.d. i (39c). Vi må altså her skilja mellom det å *stilla seg* i ein audmjuk posisjon og det å *vera* i ein underordna posisjon. Dette skil *beg* (og *trygle*) frå norsk *tigge*: *Tigge* kan berre brukast frå ein sosialt underordna posisjon. Vi meiner å få dette fram i eksplikasjonane ved å fokusera på handlingsevne i *beg*, jf. «Jeg vet at du er noen som kan gjøre A» og på strukturell kontroll av ressursar i eksplikasjonen for *tigge*: «Mange gode ting er dine ...» (jf. 16).

Eit døme på det å vera i ein slik underordna posisjon er bruken av *tigge* og *beg* om yrkesmessig tigging. Dette er også ein bruksmåte (Wierzbicka 1987: 53) vil skilja ut frå det meir allmenne språkhandlingsverbet *beg*, men igjen slår det oss at det er vanskeleg å draga eit klart skilje. Eit viktig kriterium for dette skiljet hjå Wierzbicka er at yrkesmessig tigging ikkje treng innebera sterke kjensler, men om ein aksepterer vår analyse over, vil ikkje dette vera avgjerande. I tillegg peikar Wierzbicka same stad på at yrkesmessig tigging ikkje treng vera verbal, men dette gjeld også andre tilfelle med *beg*: Frasar som *their eyes begged me to help them* treng sjølv sagt ikkje ha noko med yrkesmessig tigging å gjera. Vi ser altså ikkje eksistensen av ordlaus *begging* som god nok grunn til å tenkja seg to eksplikasjonar av *beg*. I staden er dette grunnlaget for line 2 i komponent (b) i eksplikasjonen i (42). Dette er ein komponent som dette verbet har felles med *tigge*, men som skil det frå *trygle*; medan ein person som ordlaust sit på fortauet med ein plastikkopp, er eit typisk døme på ein situasjon vi kan beskriva med *tigge*, vil vårt mentale biletet av å *trygle* automatisk omfatte ord – gjerne mange ord. Vi vil hevda at sjølv om *trygle* ein sjeldan gong kunne bli brukt om ordlaus kommunikasjon, så vil ideen om ordbruk likevel ligga i situasjonen på ein annan måte enn ved *tigge* (og *beg*). Vi ser dermed at det engelske verbet har likskapar både med *be*, *tigge* og særleg *trygle*, men at ingen av desse verba er helt dekkande for det engelske verbet.

6 Konklusjon

Det er knappast overraskande at verb ikkje har 100 % ekvivalente tydingar på tvers av språk. Like fullt har det vore svært vanleg å nytta engelske språkhandlingsverb som universelle merkelappar for ulike språkhandlingar. I analysane over har vi vist korleis *ask* og *beg* skil seg frå dei norske *be*, *spørje*, *trygle* og *tigge*,

og såleis at ulike språk deler inn språkhandlingskategoriar på ulike måtar. For å få fram slike skilnader på ein presis måte er ein avhengig av eit semantisk metaspåk med termar som i så stor grad som mogleg er ekvivalente på tvers av språk, og eit slikt metaspåk er det NSM stiller til rådvelde. Etter vårt syn har det stor analytisk verdi å halda seg til dei semantiske grunneiningane i så stor grad som mogleg, fordi dei ulike komponentane i den semantiske strukturen trer klarare fram enn om ein hadde brukt meir komplekse termar. Med det semantiske metaspåket blir dei semantiske analysane meir transparente, og vi har også vist at dei semantiske grunneiningane er eit nyttig verktoy for å analysera skilnader mellom nærskyld verb i einskildspråk.

Vi sluttar oss til Goddard (2010: 461), som skriv at «[w]ether or not one is convinced of the universality of the NSM primes, many linguists would agree that there is heuristic value in plain language paraphrase in terms of a small standardized set of simple words». Analyse av semantiske strukturar bygger alltid på tolking og intuisjon, og analysar i form av NSM-parafrasar gjer desse tolkingane eksplisitte.

Korpus

Leksikografisk bokmålskorpus (LBK). Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo. URL: <http://www.hf.uio.no/iln/tjenester/kunnskap/sprak/korpus/skriftsprakskorpus/lbk/>

British National Corpus (BNC). URL: <http://corpus.bry.edu/bnc/>

Referansar

- Austin, John L. 1962: *How to do things with words*. Cambridge, Massachusetts: Harvard University Press.
- Croft, William 1994: Speech act classification, language typology and cognition. Tsohatzidis, Savas L. (red.): *Foundations of speech act theory*. London: Routledge, 460–477.
- Fodor, Jerry A., M.F. Garrett, E.C.T. Walker & C.H. Parkes 1980: Against definitions. *Cognition* 8 (3), 263–367.
- Fodor, Jerry A. 1998: *Concepts: How cognitive science went wrong*. Oxford: Oxford University Press.
- Fodor, Jerry A. 2008: *LOT 2: The language of thought revisited*. Oxford: Oxford University Press.

- Geeraerts, Dirk 2010: *Theories of lexical semantics*. Oxford: Oxford University Press.
- Goddard, Cliff (red.) 2008: *Cross-linguistic semantics*. Amsterdam: John Benjamins.
- Goddard, Cliff 2010: The natural semantic metalanguage approach. Heine, Bernd & Heiko Narrog (red.): *The Oxford handbook of linguistic analysis*. Oxford: Oxford University Press, 459–484.
- Goddard, Cliff 2011: *Semantic analysis: A practical introduction* (2. utg.). Oxford: Oxford University Press.
- Goddard, Cliff & Anna Wierzbicka (red.) 1994: *Semantic and lexical universals: Theory and empirical findings*. Amsterdam: John Benjamins.
- Goddard, Cliff & Anna Wierzbicka (red.) 2002: *Meaning and universal grammar: Theory and empirical findings*. Amsterdam: John Benjamins.
- Goddard, Cliff & Anna Wierzbicka 2014a: Semantic fieldwork and lexical universals. *Studies in Language* 38 (1), 80–126.
- Goddard, Cliff & Anna Wierzbicka 2014b: *Words and meanings: Lexical semantics across domains, languages, and cultures*. Oxford: Oxford University Press.
- Goddard, Cliff & Susanna Karlsson 2008: Re-thinking *think* in contrastive perspective: Swedish vs. English. Goddard, Cliff (red.): *Cross-linguistic semantics*. Amsterdam: John Benjamins, 225–257.
- Haugen, Tor Arne 2016: Semantisk metaspråk og skjematiske nettverk: valenskonstruksjonar som tydingseiningar. *Maal og minne* (1), 101–140.
- Huang, Yan 2014: *Pragmatics* (2. utg.). Oxford: Oxford University Press.
- Laurence, Stephen & Eric Margolis 2015: Concept nativism and neural plasticity. Laurence, Stephen & Eric Margolis (red.): *The conceptual mind: New directions in the study of concepts*. Cambridge, Massachusetts: The MIT Press, 117–148.
- Levisen, Carsten 2012: *Cultural semantics and social cognition: A case study on the Danish universe of meaning*. Berlin: De Gruyter.
- Riemer, Nick 2006: Reductive paraphrase and meaning: A critique of wierzbickian semantics. *Linguistics and Philosophy* 29, 347–379.
- Sadock, Jerrold M. 1994: Toward a typology of speech acts. Tsohatzidis, Savas L. (red.): *Foundations of speech act theory*. London: Routledge, 393–406.
- Sadock, Jerrold M. 2006: Speech acts. Horn, Laurence R. & Gregory Ward (red.): *The handbook of pragmatics*. Oxford: Blackwell Publishing, 53–73.

- Searle, John R. 1969: *Speech acts: An essay in the philosophy of language*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Searle, John R. 1979: *Expression and meaning*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Wierzbicka, Anna 2003: *Cross-cultural pragmatics: The semantics of human interaction*. Berlin: De Gruyter.
- Wierzbicka, Anna 1972: *Semantic primitives*. Frankfurt: Athenäum.
- Wierzbicka, Anna 1987: *English speech act verbs: A semantic dictionary*. Sydney: Academic Press.
- Wierzbicka, Anna 1996: *Primes and universals*. Oxford: Oxford University Press.

Summary

The primary objective of this article is to analyse the meaning of some central directive speech act verbs in Norwegian, with a side glance at the meaning of some of these in English. One of its central premises is thus that meaning can be explicated. We use the semantic metalanguage Natural Semantic Metalanguage (NSM) in an attempt to explicate metalingual representations of semantic structures. The article argues for the usefulness of such a metalanguage as a tool for bringing out semantic distinctions within an individual language as well as between languages. The article also raises questions regarding the relationship between speech acts and speech act verbs.

Tor Arne Haugen
Høgskulen i Volda
Institutt for språk og litteratur
Postboks 500
NO-6101 Volda
tor.arne.haugen@hivolda.no

Kjetil Myskja
Høgskulen i Volda
Institutt for språk og litteratur
Postboks 500
NO-6101 Volda
km@hivolda.no

Norske barns språksosialisering og språklige praksisfellesskap

Av *Edit Bugge*

Denne artikkelen utforsker en sosiolingvistisk utviklingsmodell for en moderne, norsk barndom, inndelt i tre faser. Artikkelen diskuterer hvilke sosialiseringsinstanser som er relevante for barns språksosialisering og sosiolingvistiske utvikling i de ulike fasene, styrkeforholdet mellom disse instansene, og mulige språklige resultat av sosial orientering i aldersfasene. Til slutt diskuterer artikkelen hvilke konsekvenser den sosiolingvistiske utviklinga i barndommen har for den seinere språkbruken hos unge og voksne språkbrukere.¹

Innledning

Det store flertallet av norske sosiolingvistiske studier har kartlagt språklige variasjonsmønster hos språkbrukere i aldersgruppa ungdom og unge voksne. Denne artikkelen retter søkelyset mot yngre barn, ei aldersgruppe som er mindre studert i norsk sosiolingvistikk. Artikkelen legger fram et utkast til en modell for den moderne, norske barndommens sosiolingvistiske utviklingsmønster, med særlig vekt på forholdet mellom familien og andre, utenomfamiliære, sosialiseringsinstanser. I denne artikkelen er barndommen avgrensa til alderen 0–12 år, og barndommen si sosiolingvistiske utvikling fram til 12-årsalderen er delt inn i tre faser. Utgangspunktet for modellen, og for artikkelen, er arbeidet med ei doktoravhandling om språktradering i Bolsøy, med en sosiolingvistisk undersøkelse av familien, der målet var å få innsikt i familiens innvirkning på språklig variasjon og kollektiv språktradering i et norsk bygdesamfunn (Bugge 2015).

Denne artikkelen har som utgangspunkt at barnets språktilleggelsesprosess er strukturert av ulike samtidige prosesser og ulike, vekslende vilkår. Språklig og kognitiv utvikling legger til rette for tilleggelse av gradvis mer komplekse grammatiske kategorier, endring av sosial og sosialpsykologisk orientering gir

1. Artikkelen bygger på prøeforelesning over oppgitt emne til ph.d.-graden ved Universitetet i Bergen. Prøeforelesninga blei holdt 18. juni 2015.

gradvis tilegnelse av sosial erfaring, og dette gir grunnlaget for tilegnelse av sosiolingvistisk og pragmatisk kompetanse og mestring av registervariasjon. Deler av denne språktilegnelsesprosessen er blitt antatt bare å kunne skje innafor aldersbestemte tids vindu eller sensitive perioder.

Jeg skiller i artikkelen mellom tilegnelsen av grammatisk og sosiolingvistisk kompetanse. Sosiolingvistisk kompetanse er avgrensa i tråd med Kerswills (1996: 181) definisjon: «a person's ability to recognize language varieties within the community, to evaluate those varieties socially and to exploit them in the communication of social meaning». Den sosiolingvistiske kompetanse er da, nokså snevert definert, kjennskap til og mestring av språksamfunnets normer for språklig variasjon, og kjennskap til variasjonens sosiale verdi, både med hensyn til ulike språklig varieteter og ulike varianter innafor samme varietet.

Samspillet mellom språklig innputt og vilkår for språklig inntak, som biologiske vilkår, sosialpsykologisk og kognitiv utvikling i barndommen, gir utgangspunktet for barns tilegnelse av grammatisk og sosiolingvistisk kompetanse, og danner slik grunnlaget for språket til voksne språkbrukere.

Barns første språksosialisering i sosiolingvistiske framstillinger

I sosiolingvistiske framstillinger av språksosialiserings- og språktraderingsprosesser blir den som skal tilegne seg språkets mønster og bruksmønster, vanligvis plassert i en posisjon mellom ulike norminstanser. I et begrepsapparat fra språksosialiseringsforskinga kan vi tenke oss at individet står mellom ulike *språksosialiseringsagenter*. I et begrepsapparat knytta til språktradering står individet mellom ulike språklige *inngutkjelder*. Vanligvis antas det at skillet mellom *de heime* og *de andre* er det viktigste i framstillinger av barndommens språknormkonflikter, og styrkeforholdet mellom disse er antatt å endres gjennom barndommen og ungdomstida. I sin introduksjon til sosiolingvistikk antar Hudson (1996: 14) at unger si sosiolingvistiske utvikling følger det suksessive mønsteret «first parents, then peers, then adults», der det sosiolingvistiske utviklingsmønsteret er strukturert som en prosess med foreldre som viktigste rollemodell i den første delen av språktilegnelsesprosessen, etterfulgt av jamaldrende. Chambers (2003: 163) har også ei liknende inndeling i det han kaller de tre «sociolinguistically crucial ages»: *barndom*, *ungdom* og *ung voksen* alder, der hver periode er kjennetegna ved ulike språklige utviklinger og ulike sosiale rammer for språkbruk. Denne artikkelen koncentrerer seg om det som hos Chambers er den første formative perioden, nemlig barndommen, der Hudson

regner med at foreldre er viktigst, og Chambers regner med at foreldre og venner er de viktigste normgiverne for barnet.

I en sosiolingvistisk utviklingsmodell vil det sannsynligvis være mest hensiktsmessig å sette familien som barnets viktigste praksisfellesskap i den første sosiolingvistiske utviklingsfasen. Men hva kjennetegner dette praksisfellesskapet? Hva kjennetegner barnets språklige praksis i denne perioden? Og hvor lenge har familien en slik sentral posisjon?

For William Labov er det bare ett medlem av familien som er relevant for barns aller første språklearing og språksosialisering: «in learning language we must start somewhere, and there is no other place to start but with our mother's phones.» (Labov 2001: 307). I Labovs framstillinger av kollektiv språktradering er *mors* (og kvinnelige morserstatningers) rolle i individets språktilegnelse sentral, og den kjønnsdelte rollefordelinga er hos Labov universell (op.cit). Grunnmønsteret i språktradering er hos Labov «the faithful transmission of the adult system» (Labov 2007 og 1989), der systemet her både er det lingvistiske og det sosiolingvistiske: altså traderinga av det Labov kaller 'systemet' «including variable elements with their linguistic and social constraints.» (op.cit). Språkendring blir da, som Labov spissformulerer det, en prosess der unger begynner å snakke annerledes enn mødrene sine.

Språktilegnelse i ei dobbeltsosialisering

Det er tvilsomt om en mor–barn–dyademodell, slik Labov framstiller den, er gyldig i en lang periode av den moderne norske barndommen. Den språklige hverdagen til sjøl små unger både er og har vært mer kompleks. Rundt halvparten av norske barn blir født inn i familier der det allerede finnes barn, de har altså storesøsken. De fleste norske barn har også fra starten mer enn én omsorgsperson, ofte en far, og fars betydning for barnets læring ser ut til å ha økt de siste tiåra (Cools, Fiva & Kirkebøen 2011). I 2014 gikk også 80 % av norske ettåringer i barnehagen.² I tillegg til foreldre og eventuelle søskener vil de da ha kontakt med voksne og barn i barnehagen. Mange små unger har også kontakt med unger utafor barnehagegruppa og med andre voksne i foreldrars nettverk og slekt, og mange unger forholder seg til ulike typer media: film, lydbøker, mer eller mindre interaktive digitale medier, bøker og musikk. Slik vil også små barn ha erfaring fra ei rekke kommunikative kontekster og med et arsenal av språkbrukere. Den språklige variasjonen barn møter i en moderne

2. <http://www.ssb.no/utdanning/statistikker/barnehager>

norsk barndom, omfatter vanligvis ulike språklige varieteter innafor ett eller flere språk, og disse språklige varietetene kan oftest assosieres til ulike personer eller til ulike situasjonelle kontekster i barnets hverdag.

Sosiologen Lars Dencik (1999: 246) illustrerer denne komplekse sosialiseringa i den postmoderne nordiske barndommen i en dobbeltsosialiseringssommerfuglmodell. I sommerfuglmodellen står barnet i sentrum (H= Hero), den høyre vingen representerer heimen med mor og far, og den venstre vingen representerer barnets utenomfamiliære omsorgsinstitusjon med andre barn (= H2..n) og med voksne ansatte (=P 1..n). Barnet har ulik posisjon i de to fellesskapene, altså i de to vingene, og de voksne har ulik relasjon til barnet.

I denne dobbeltsosialiseringa skal barnet tilegne seg et språk som, slik Lars Vikør har betegna det, er både rett, godt og anstendig, det vil si at det både er grammatisk, pragmatisk og sosio-estetisk akseptabelt (jf. Vikør 1997: 98–99). Dobbeltsosialiseringa krever at barnet forholder seg til ulike normsett, først og fremst med hensyn til pragmatiske normer, men de fleste barn møter også i ulik grad forskjellige grammatiske normsett i de ulike felleskapa. For mange barn er også sosialiseringa en enda mer kompleks prosess. Barn som vokser opp med en pappaheim og en mammaheim i tillegg til barnehagen, har kanskje ei trippelsosialisering. Det samme gjelder unger som har flere ulike utenomfamiliære passordninger samtidig. Søsken gir også ei komplisering av Denciks dobbeltsosialiseringsmodell, fordi søsken både kan finnes i sommerfuglmodellens høyre og venstre vinge, og fordi eldre søsken kan formidle kunnskap om utenomfamiliære normsett og språklig praksis til småsøskena sine, altså opptre som det Piedra & Romo (2003) kaller «*sibling mediators*». Hos Piedra & Romo er termen rett nok brukt om storesøskene i minoritetsspråklige familier som forbereder småsøskena sine til en majoritetsspråklig skole- og barnehagekultur, men søskenmediatorrolla kan kanskje også finnes i en majoritetsspråklig kontekst (jf. Bugge 2015).

En samtidighet i tilegnelse av språket som grammatisk og sosiolingvistisk system?

Målet for tilegnelsen av sosiolingvistisk kompetanse er ei tilegning av språket som lingvistisk og sosiolingvistisk symbolsystem. Den språklige innputten barn møter, er alltid karakterisert av variasjon, og denne variasjonen er noen ganger, men langt fra alltid, sosialt indeksert. Innputtgrunnlaget ungene har for å danne seg generaliseringer for mønsteret i variasjonen, er ofte tynt. Vi veit at

Eit viktig poeng for Jahr er at språksituasjonen i Noreg i 1814 slett ikkje var unormal, men derimot ein klassisk diglossi-situasjon ein kan finne mangstad. Ingenting *måtte* skje, og det blir derfor ekstra interessant å undersøke *kvifor* noko skjedde. Jahr gjev tre hovudgrunnar (s. 23): 1) nasjonalromantikken som ideologisk premissleverandør; 2) at skriftspråket dansk etter 1814 var utanlandsk; og 3) at overklassesosiolekten² var eit resultat av språk-kontakt i unionstida. Dette førte vidare til ein strid om namnet på språket: Frå Grunnlova 1814 (novemberversjonen) vart “norsk” brukta noko, men etter kvart erstatta av nøytrale nemningar som “Modersmalet” (s. 25 ff.); særleg P.A. Munchs kritikk av å kalle språket “norsk” blir trekt fram, før vi kjem til dei første spede fornorskingsforsøka til Wergeland og Asbjørnsen og Moe. Jahr peikar òg på eit underkommunisert faktum i norsk språkhistorieskriving: Det mest populære standpunktet – gjennom heile 1800-talet – var status quo: å halde på det danske skriftspråket som det var (s. 31 f.). Men fordi noko faktisk skjedde, har den historiske interessa konsentrert seg om dei som ønskte endring. Dette er eit døme på det ein kan kalle teleologisk historieskriving: Vi er interesserte i det i fortida som peikar fram mot notida.

Som i tidlegare bøker av Jahr møter vi spørsmålet om kor gammalt Noreg er (s. 24 f. og sidan i kapitla om Knudsen og Aasen; tanken er frå Jahr 1992 [1986]). Eg er likevel ikkje overtydd om kor viktig dette perspektivet er, og vil heller sjå det som eit epifenomen knytt til motivasjonen for dei to språkreformatorane: Aasens forsvar for bygdemåla og statusen deira mot Knudsens pedagogiske erfaring frå byskulen. P.A. Munch feira påvisinga hans Aasen av

2. Jahr (2014) brukar “upper-middle-class speech”, jf. diskusjon om terminologi s. 33. Ein kunne bruka “norsk-dansk” eller “danna daglegtale”, men sidan sosial basis for ei norm er eit viktig poeng hjå Jahr, held eg meg til “overklassesosiolekten”.

bandet frå dialektane til gammalnorsk, medan dette ikkje påverka synet hans på språk i samtida det minste, ei haldning mange i overklassen delte (s. 55). Det viser at historisk perspektiv på den norske nasjonen ikkje måtte koplast til språkreform. Knudsen prøvde på hi sida å skapa motsetnad til dansk og forsøk på å leggje seg etter dansk uttale (Jahr 1992 [1986]: 12 f.). Eit nasjonalt perspektiv hadde dei altså sams, medan skilnaden, som Jahr legg stor vekt på, ligg i kva norm dei valde som grunnlag for standardiseringa si.

Kapittel 3 presenterer programma til Knudsen og Aasen. Det demokratiske aspektet ved arbeidet hans Aasen blir kanskje overdrive: Det var nok slik at han *undersøkte* “all the existing rural dialects” (s. 51), men Aasen peika sjølv (1864: 360) på at “Hardangersk og Sognsk” er dialektar med mange “fuldkomne Former” og derfor høvelege som grunnlag for norma, som så kunne “ufyldes” etter andre dialektar og gammalnorsk. Alle seinare reformer av nynorsk har søkt å inkludere tydelegare andre talemålsgrunnlag (jf. s. 67 f. om midlandsnormalen). Den sosiolingvistiske skilnaden i normgrunnlag mellom dei to programma blir tematisert i siste bolk av kapittelet (s. 54 f.), men allereie på s. 42 finst eit frampeik om at Aasen-programmet var “a fundamental sociolinguistic revolution”. Det blir lagt vekt på at Knudsen brukte pedagogiske og demokratiske argument for programmet sitt, medan Aasen først og fremst blir framstilt som eit produkt av nasjonalromantikken. Denne oppdelinga blir for enkel, for Aasen hadde òg pedagogiske argument, og purismen hans Knudsen må kallast nasjonalsinna (jf. førre avsnitt).

Kapittel 4 handlar om korleis språkspørsmålet vart “a major political issue” i siste helvta av 1800-talet. Det dreier seg særleg om politiske vedtak knytte til språket i skulen, og sjølvsagt jamstillingsvedtaket i 1885. Dette blir knytt til den politiske utviklinga ålm̄ent, der målsak vart venstresak (s. 59 f.), og til det ideologiske skiljet mellom to kulturar (s. 53 f.). Nynorsk som kyrkjespråk er nemnt i samband med Elias Blix (s. 64 f.), men det kunne vore gjort meir av dette poenget; innføringa av nynorsk liturgi var svært viktig for å spreie landsmålet. Ei viktig understrekning er at fram til landsmålet vart obligatorisk i lærarskulen i 1902, var alle vedtak friviljuge, men frå dette året *måtte* studentar skrive landsmål uavhengig av eigne preferansar (s. 70). Dette vart enda tydelegare med sidemålsstilen til artium i 1907, som råka sosiale grupper med jamt over liten sympati for landsmålet (s. 75). Kapittelet fører oss fram til rettskrivingsendringane i 1902 (landsmål) og 1907 (riksmål) og formaliseringa av tospråkstilstanden. Det blir peika på at reforma i 1907, gjennombrotet for Knudsen-programmet, kom som ein konsekvens av framgangen for landsmålet.

Eit sitat av professor Hjalmar Falk (s. 72) seier dette beint ut (her i original frå *Aftenposten* nr. 338, 8.5.1900): “Ingen Reform er efter min Mening mere skikket til at tage Vinden ud af Seilene for Maalbevægelsen, hvis virksomste Argument altid vil blive Rigssprogets Fremmedartethed.”³

Kapittel 5 handlar om utviklinga tidleg på 1900-talet: dei første tankane om ein *samnorsk* og det politiske reformarbeidet fram mot 1917. (Allereie Knud Knudsen hadde for så vidt peika på at det norsk-norske og dansk-norske “målstræv” kunne koma til å møtast.) 1917-reforma kom i to utgåver, obligatoriske og valfrie endringar, for kvar målform. Eit viktig poeng for Jahr er at det var stor *sociolinguistisk* skilnad på riksmålsvariantane, der dei obligatoriske endringane svara til overklassesosiolekten, dei valfrie til austlandsk gate- og bygdemål. Jahr peikar på at by- og/eller austlandsmåla kunne vera eit samlande grunnlag for eit samnorsk skriftspråk, med forkjemparar i *Østlandsk reisning*. Det er rett nok at dette var ein ny motivasjon for å hevde desse måla, men liknande tankar var gamle i målrørla, t.d. hjå Fram-krinsen kring Olaus Fjørtoft, som oppmoda målmennene (særleg dei nasjonalromantisk innstilte Bergens-målmennene) til å “lye meir ette Bryggjesjauaren” (Torp & Vikør 2003: 172–176). Fjørtoft er ikkje nemnd av Jahr (2014), men han og målsynet hans er omtala i 2015 (s. 32 f.).

Kapittel 5 tek òg opp spørsmålet om talemål i skulen (s. 82–85). Den kronologiske disposisjonen gjer at temaet er føregripe på s. 60–62 om 1878-vedtaket om undervisning på dialekt og 1887-vedtaket om danna daglegtale som norm for leseuttale, og har eit etterspel på s. 103 f. om forsøket på å gjennomføre tala riksmål som undervisningsmål i Bergen. Dette får ein del plass, og det med rette: I konklusjonen (s. 169 f.) blir det faktum at norsk skule ikkje har undervist i eit munnleg standardspråk, saman med den skriftlege språkplanlegginga som har fjerna overklassesosiolekten som suveren høg-varietet, trekt fram som grunnen til aksepten for dialektbruk i alle samanhengar i dag.

Kapittel 5 avsluttar det Jahr kallar den språknasjonale perioden, som ut frå målet om å skapa eit norsk mål som skilde seg frå dansk, må kallast “very successful”, og den vidare utviklinga kom til å bli “of a sociolinguistic rather than a nationalistic nature” (s. 97). No var to målformer etablerte, og riksmålet svara til overklassesosiolekten, slik at talarar av denne varieteten ikkje såg nokon grunn til vidare endring. Dei valfrie formene, særleg i riksmål, peika fram mot striden som skulle stå i etterkrigstida.

3. Eit døme på kontinuitet hjå Jahr er at “Reform” er feilskrive med liten ‘r’ gjennom alle år (Jahr 1992 [1986]: 15 f.; 1989: 32; 2015: 45).

Kapittel 6 innleier del II og handlar om 1938-reforma, “an audacious sociolinguistic experiment” (s. 120). Etter 1917-reforma kom dei første interne stridane i riksmålsleiren om kva form av riksmål som skulle nyttast. Denne striden, der riksmålsrørsla kjempa mot dei valfrie endringane, mobiliserte ei ny politisk kraft: Det veksande Arbeidarpartiet gjorde målsak til klassekamp. Halvdan Koht la grunnlaget for språkpolitikken deira med vekt på *folkemålet*, anten den skriftlege forma no var landsmål eller riksmål: “[Arbeidaren] kann ikkje la seg hefte korkje med gammalnorsk eller med dansk; han må stile fram imot greitt folkemål” (Koht 1921: 18). Koht kopla dette direkte til klassekampen: “Striden for folkemålet er kultur-sida av arbeidar-reisinga” (op.cit.: 22; sitert i omsetjing av Jahr s. 107). Da Arbeidarpartiet gjekk over frå å vera eit reint arbeidarklasseparti til å femne vidare i 1933, vart både politisk og språkleg samling uttrykt i slagordet *By og land, hand i hand* med samnorsk-forma *hand* (s. 112). Jamvel om denne delen er kalla den “språksosiale”, kjem nasjonal argumentasjon tydeleg fram særleg i debatten om bynamnet *Trondhjemlheim/Nidaros* (s. 107 f.).

Arbeidarpartiet tok initiativ til ei ny rettskrivingsreform som skulle føre dei to skriftspråka saman på folkemålets grunn; sagt på ein annan måte, ei utviding av det sosiolinguistiske grunnlaget for bokmål (s. 113). Rettskrivingskomiteen skulle samstundes redusere dei valfrie formene frå 1917-rettskrivinga (der både “valfrie” og “obligatoriske” endringar i prinsippet var jamstilte), men dette viste seg umogleg, og “løysinga” vart innføringa av hovud- og sideformer (s. 114 f.). Det politiske arbeidet fram mot reforma blir skildra nokså detaljert, og viser tydeleg kor politisk språkplanlegginga i Noreg har vore, t.d. detaljen at 32 stortingsrepresentantar var på talarstolen under saksførehavinga i 1937 (s. 115). Her er òg nokre sider om det konkrete innhaldet i reforma for å underbyggje poenget at reforma var ein sosiolinguistisk revolusjon – og eit eksperiment – der bokmål vart “dragged across the salient sociolinguistic line between upper-middle-class speech and the popular urban and rural dialects” (s. 120). Dei obligatoriske radikale formene i 1938-reforma gjorde at talarar av det som utan tvil var det mest prestisjefulle talemålet i Noreg, ikkje lenger kunne stø seg berre på talemålet sitt for å skrive rett bokmål, og med eit kjent sitat meinte Arnulf Øverland at “‘bokmål’ er ikke noget sprog, men en chikane” (Øverland 1949: 51; sitert av Jahr s. 121 med feil referanse). Tradisjonalistane på nynorsksida, med Gustav Indrebø i spissen, var heller ikkje nøgde med reforma, men misnøya deira drukna i brølet frå riksmålssida. Samnorsk kunne verke som ei naturleg løysing på problemet med to skriftspråk, men språk-

planleggjarane tok ikkje omsyn til at dette kravde kryssing av ei språksosial grense og dermed ein sosiolingvistisk revolusjon (s. 125). Oslo-vedtaket om radikalt bokmål i skulebøkene spreidde slike former, og sena var sett for den store samnorskstriden.

Kapittel 7 handlar om kampen for å reversere 1938-eksperimentet, men kronologien gjer at den einaste norske talemålsreforma kjem med her: den nye teljemåten i 1951. Dette er eit framifrå døme på den teknokratiske tilnærminga til språkplanlegging i Noreg, der det som byrja som eit forslag frå Telegrafstyret, vart vedteke av Stortinget. Det viser samstundes kor vanskeleg det er å normere talemål, for jamvel i min generasjon (fødd på 1980-talet) er vi mange som framleis brukar den gamle teljemåten. Men hovudsaka i kapittelet er kampen Riksmålsforbundet sette inn mot samnorsk (som dei kalla radikalt bokmål), særleg bruken i lærebøker. Det låg klåre verdidommar attom denne motstanden: Det radikale bokmålet vart sett på som ”vulgært” og ”stygt”, i motsetnad til det ”danna” og ”korrekte” riksmålet – ei nemning dei etterinnførte for den uoffisielle norma som stort sett følgde 1917-rettskrivinga. Særleg i denne bolken om riksmålsrørsla i etterkrigstida skin det gjennom at Jahr sjølv er samnorskmann; framstillinga etterlèt liten tvil om kvar sympatienn ligg. Det blir til dømes understreka seks gonger (jf. stikkordregisteret s.v. *vulgar*) at riksmålsrørsla såg på folkemålsformer som grammatisk hokjønn som vulgære og/eller stygge.

I alle høve enda det med at Arbeidarpartiet såg politisk risiko i samnorsk-prosjektet og ikkje lenger ville identifiserast med det; og når eit politisk prosjekt mista den politisk støtta, var det ikkje mykje håp for det – *Landslaget for språkleg samling*, stifta i 1959, vart aldri nokon maktfaktor. Etter intermessos som Smeby-saka (meteorologen som insisterte på å melde været på tala riksmål, inkludert former som *sne* og *syd*) og den nye læreboknormalen i 1959, vart Vogt-komiteen oppnemnd i 1964 for å greie ut språkspørsmålet (s. 141 ff.). Dette markerer slutten på den sterke politiske styringa av skriftspråket; samnorskpolitikken hadde vorte ei påkjennung for Arbeidarpartiet, som heller ville setje ut språkspørsmålet til ein ekspertkomité, og Norsk språknemnd var for omstridd til å duge for eit slikt formål (s. 141 f.). Den såkalla språkfreds-komiteen kom riksmålsrørsla i møte på fleire punkt, og når Arbeidarpartiet samstundes gav opp samnorskpolitikken, kunne han ikkje lenger føre fram (s. 145 f.).

Målrørsla hadde nokre av dei same interne stridane mellom tradisjonalistar og reformatorar som riksmålsrørsla, men dei gjorde mindre av seg; denne

motsetjinga kjem mest bort hjå Jahr. Eit større problem for nynorsken var at krigen hadde endra føresetnadene for det *nasjonale* argumentet for nynorsk fundamentalt (s. 143): I etterkrigsåra var nasjonal haldning definert av åtferda under krigen, ikkje val av skriftspråk, og riksmålsgeneralen Arnulf Øverland hadde vorte “an ideological hero of the national resistance movement” (s. 129) – ingen kunne påstå at han ikkje var nasjonalsinna!

Kapittel 8 skildrar avviklinga av samnorskpolitikken og konsolideringa av tospråkstilstanden etter 1966. Radikaliseringsa i 1970-åra gjorde det mogleg å argumentere for språk som politikk att, som Koht hadde gjort i mellomkrigstida, og både nynorsk og radikalt bokmål vart oppfatta som motkrefter mot “maktspråket” riksmål (s. 152 f.). Dette førte med seg meir bruk av radikalt bokmål og språksosiale argument for nynorsk, til erstatning for det nasjonale argumentet; pussig nok er ikkje dialektbølgja etter 1968 nemnd i samband med dette. Tilnærningspolitikken vart *de facto* oppgjeven med bokmålsreforma i 1981 som etterinnførte ei rekkje riksmålsformer, trass i at språkleg samling stod i føremålpagrafen til Norsk språkråd heilt til 2002. Dette punktet vart formelt fjerna ved eit stortingsvedtak: som tilnærningspolitikken starta som eit politisk prosjekt, vart han òg skrinlagd av Stortinget. Mange radikale (samnorsk-)former vart tekne ut av bokmål i 2005-reforma, med argumentasjonen at dei var lite bruka. Som Jahr peikar på (s. 158–160), var dét delvis ein konsekvens av sensur praktisert av forlag og aviser. 2005-reforma fjerna samstundes systemet med hovud- og sideformer, og det same skjedde for nynorsk i 2012. Dei separate reformene av dei to målformene er eit anna teikn på at tilnærningspolitikken var avslutta.

Kapittel 9 freistar å svara på dei overordna spørsmåla om kva norsk kan lære oss om språkplanlegging meir ålement, og Jahr har to hovudkonklusjonar (s. 164):

- 1 “It is possible to achieve far-reaching results if language planning [...] is consistent with the dominant contemporary ideology.” Den norske språkplanlegginga fram til 1917 vart framstilt som ein *nasjonal* kamp, og lukkast.
- 2 “If language planning involves crossing important sociolinguistic boundaries in a given society, it will need extensive backing and support from a powerful political movement in order to succeed.” Forsøket på slik språkplanlegging i tida 1917–1966 lukkast ikkje.

Utviklinga av eit norsk skriftspråk til skilnad frå svensk og dansk var ein del av nasjonsbyggingsprosjektet, og trass i langvarig motstand var det mogleg å einast om dette. Resultatet vart to nasjonale standardar som språkleg sett var like, men sosiolinguistisk svært forskjellige. Samnorskpolitikken (“a unique socio-linguistic experiment”, s. 165) handla sosiolinguistisk sett om å gjera folkemålet (“the spoken varieties of the lower classes”) til mal for skriftspråket, på kostnad av overklassesesiolektene. Det viste seg at den politiske viljen ikkje var sterk nok til å drive dette gjennom. Men “the demotion of upper-middle-class speech as a model for other speakers” i 1938-reforma har truleg bidrige til den særnorske aksepten for dialektar i offentlege samanhengar, sidan den tidlegare så klåre prestisjevariitetene vart sosiolinguistisk jamstilt med andre talemål (s. 170 f.). Endskapen vart, som siste overskrift i boka seier (s. 171): “Two national standards continue – Norway will still be special.”

Den norske boka er som nemnt ei oppdatering av *Utsyn* (1989), men har fått ein ny tittel (den gamle står som undertittel). Det er fornuftig, sidan det berre er halve språkhistoria (den ytre) som blir fortald. I overordna analytiske grep, og til dels på avsnittsnivå, følgjer teksten den engelske boka. Her er mindre om den ålmenne historiske utviklinga, som må reknast som kjend for eit norsk publikum, men nokre fleire språklege detaljar, som ventande er. Likevel er ikkje detaljfokuset stort, det er dei lange linene og koplinga mellom språk og samfunn som er viktig. Boka inkluderer nokre tekstprøver (s. 36–38, 58–63, 103–104, 141–142) som det er mindre naturleg å ta med i ei bok skriven for eit internasjonalt publikum som kanskje ikkje les norsk. Tekstprøver er nytte, særleg dersom boka skal brukast i undervisning. Men eit problem som melder seg for undervisningsforemål, er mangelen på forløpende referansar “for å lette lesinga” (s. 153; kanskje heller “skrivinga”?). I staden har s. 153–155 eit oversyn over litteratur som arbeidet byggjer på, men til dømes Haugen (1966) er ikkje nemnd der, jamvel om det er vist eksplisitt til Haugens modell for språkplanlegging fleire stader i boka (s. 10, 27, 35, 150). På s. 17 er det nemnt “ei bok frå 1984” av Hans Magnus Enzensberger, men tittelen kjem ikkje fram, korkje der eller i litteratuoversynet. No treng ein ikkje bibliotekarutdanning for å finne fram til *Norsk utakt*, men lell.

Både bøkene er velskrivne og lettlesne. I 2015 noterte eg nokre feil i bruken av kløyvd infinitiv (t.d. *skape* s. 13), genussamsvar (t.d. *nokon reform/høyring* s. 99), samsvarsbøyning av perfektum partisipp (t.d. *preteritum på -a blei påboden* s. 101) og noko anna smårusk, men 2014 har gledeleg få prenteviller. Samnorskmannen Jahr viser seg i nynorsknorma som er vald i 2015: t.d. *bare*,

befesta og skutt (partisipp) må vel skrivast på den kontoen. Eg vil koste på meg eit lite hjartesukk på vegner av tankestrekken: Før i tida var det vanleg med tankestrek for å markere ytterpunkt i t.d. årstal (typen 1917–1966), men dette blir konsekvent ignorert; i 2014 er derimot tankestrek bruka. Skal ein stille høgre typografiske krav til engelske enn norske fagbøker, eller er det skiljet mellom forlaga som er avgjerande?

Først og fremst er *Language planning as a sociolinguistic experiment* ei bok som gjer den særnorske språksituasjonen tilgjengeleg for utanlandske forskarar som er opptekne av språkpolitikk og språkplanlegging, og framstillinga er oppdatert i høve til boka hans Einar Haugen frå 1960-talet. Men det er stoff til ettertanke om samspelet mellom samfunn og (skrift)språk for den som har arbeidd med feltet ei stund òg. Eit poeng som at bokmål har ei heilt unik historie med å bli gradvis fornorska frå eit anna språk (2014: 42, 168), medan nynorsk er utvikla på meir normalt vis som t.d. færøysk og finsk, har til dømes gått mange nordmenn hus forbi. I meir tilgjengeleg form er 2015 høveleg i undervisningssamanheng på lægre nivå, jamvel om veikskapar frå tidlegare inkarnasjonar av *Utsyn* (først og fremst manglande kjeldetilvisingar) heng ved. Det er synd at denne oppdateringa ikkje vart nytta til å bøte på denne mangelen. Både bøkene nøyser seg med nokre hovudpunkt i dei ulike reformene; det er like greitt, for slike detaljar finn ein lett andre stader.⁴⁴ Fokuset på den overordna forteljinga på kostnad av detaljane er etter mitt syn vellukka.

Referansar

- Haugen, Einar 1966a: *Language Conflict and Language Planning*. Cambridge, MA: Harvard University Press. På norsk som *RiksSpråk og folkemål* i 1968.
- Haugen, Einar 1966b: Dialect, Language, Nation. *American Anthropologist* 68 (4), 922–935.
- Jahr, Ernst Håkon 1992 [1986]: Kor gammalt er Noreg? Eit sosiopolitisk perspektiv på skriftspråksnormeringa i Noreg på 1800-talet. Jahr, Ernst Håkon: *Innhogg i nyare norsk språkhistorie*. Oslo: Novus, 9–17.
- Jahr, Ernst Håkon 1989: *Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814*. Oslo: Novus.
- Koht, Halvdan 1921 *Arbeidarreising og målspørsmål*. Kristiania: Det norske Arbeiderpartis Forlag.

4. Språkrådet har eit oversyn på nettsidene sine: <http://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/Retttskrivingsreformer/>. Denne sida bør vidareutviklast; t.d. ligg 1917-reforma berre føre som skanna biletfiler av dei prenta rettskrivingsreglane.

- Torp, Arne & Lars S. Vikør 2003: *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (3. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
Øverland, Arnulf 1949: *Bokmålet – et avstumpet landsmål*. Oslo: Aschehoug.
Aasen, Ivar 1864: *Norsk Grammatik*. Christiania: Malling.

Ivar Berg
Institutt for språk og litteratur
NTNU
NO-7491 Trondheim
ivar.berg@ntnu.no

Brit Mæhlum and Unn Røyneland: *Det norske dialektlandskapet*. Oslo: Cappelen Damm 2012, 199 pp.

In setting about reviewing an undergraduate textbook on dialects in Norway, I am faced with some choices. I can evaluate its pedagogical value. Or else I can seize the opportunity to present the book for the benefit of a non-Norwegian reading audience, helping to make information about Norwegian dialects available to a wider readership. And finally, I can take the book as a piece of scholarly writing and evaluate it as such. Potential readers of this review will most likely want to know what the book tells us about language variation in what is often referred to as a ‘sociolinguistic paradise’ (Røyneland 2009) – and this is the principal approach I will take.

There are a number of English-language articles about particular aspects of Norway’s sociolinguistic reality, including several by the present authors (e.g. Røyneland 2009; Mæhlum 1996, 2005), as well as a handful of monograph-length studies of dialect change by foreign scholars (e.g. Kerswill 1994; Strand 2009). Perhaps not surprisingly, there are no truly comprehensive foreign-language treatments of Norwegian dialects. Bandle (1973) fulfills this role to some extent, while Husby (ed.) (2008) is an account of six urban dialects for the benefit of foreign learners. There are a number of book-length treatments in Norwegian, the more recent being Sandøy (1985) and Skjekkeland (2005), both of which are used in university curricula. The authors of the present volume see themselves as building on the secondary school curriculum, which focuses on the geographical distribution of individual features and presents dialects as homogeneous and ‘genuine’ (Mæhlum & Røyneland 2012 [henceforth M&R]: 8). This geographical approach contrasts strongly with Sandøy (1985), which starts from linguistic structure.

The authors’ aim is to extend the students’ understanding by adding discussions of sociolinguistic variation and change. The book in fact goes well beyond this. It contains sufficient detail on geographical and social variation for the authors to make important claims about the specific contributions of language-internal, contact-based and ideological motivations for change. But first I will present a synopsis and general evaluation.

The book has seven chapters, grouped into three parts. Chapter 1 opens with an explanation of the discipline of dialectology, followed by a discussion of ways in which it has now largely merged with (variationist) sociolinguistics. Dialect geography is seen in relation to social dialectology, especially the

dimension of age and its relationship to change. Published dialect maps are seen as representing a non-existent static reality, the corollary being that isoglosses are at best idealisations about particular features used by a restricted social group at a particular time. The very choice of features for examination is seen as problematic: who gets to choose, the linguist or the dialect speaker? Should geographical and political criteria be used in the classification of dialects? How should dialect maps in the future be drawn in the face of widespread dialect levelling? What is the effect of using a dialect questionnaire, rather than spontaneous speech? Of course, these are much-rehearsed critiques of the field, but they are well handled here and appropriate for the intended readership. A big challenge for the authors (as we shall see) is how these problems should be dealt with in their own presentation.

M&R see dialectology in Norway as rooted in National Romanticism and nation building, personified by Ivar Aasen's massively influential work in the 1850s both on dialects and on the polemics of national language development. This movement legitimised dialect in Norway to an extent that still has no counterpart elsewhere in Europe. This culminated in an 1878 Act, still in force, establishing children's own dialect as the language of the classroom. The enduring effect of this early ideological work is tellingly illustrated by Sollid (2014): a young man, having moved from northern Norway to Oslo, consciously chooses not to adopt an Oslo-like variety even though he has mastered it, deciding instead to keep his low-prestige dialect. He explains to his interviewer that he made this choice because of his left-wing egalitarian ideology, alongside his attempt to maintain a feeling of social identity and authenticity.

Chapter 2 shifts away from a discussion of the historical and disciplinary embedding of Norwegian dialectology to a discussion of the number of dialect areas that should be recognised. Predictably enough, there are divergent views, ranging from two to four areas. M&R settle on four, mainly for pedagogical and presentational reasons. The chapter sets out the main linguistic criteria which will be applied in Part 2 of the book. A weakness of this arrangement is that a good deal of the material given here ends up being re-visited, with numerous cross-references.

Part 2 contains separate chapters on East Norwegian, Trøndersk (spoken mainly in Trøndelag), West Norwegian and North Norwegian. As M&R explain, these are based on older descriptions and on existing dialect maps; these maps are redrawn from those in earlier publications with little alteration. On the authors' own admission, and rather flying in the face of their critique

in Chapter 1, these maps give an outdated and idealised picture of the distribution of dialect features. M&R admit that some of the features might not even exist today. By contrast with Part 1, the discussion is traditional and comes across as not a little essentialist. The text is information-rich – perhaps excessively so. This is made the more problematic by the fact that these chapters contain very few references and no suggestions for further reading, making it difficult to source or follow up particular points.

More detail should, however, have been provided in the discussion of the two tonemes, particularly their realisation. The authors largely ignore toneme 2, and this gives the impression that the realisation of toneme 1 is the more significant criterion in dialect classification. The foundational typological work on toneme classification, Fintoft (1970), is not mentioned. More seriously, the failure to indicate toneme 2 in most of the transcriptions leads the reader to the incorrect assumption (p. 48) that loanwords with first-syllable stress in many Eastern dialects, such as *stasjon* ‘station’, have toneme 1, and that the same applies to tone groups such as *gå inn* ‘go in’ and *finne på* ‘think up’. All these examples take toneme 2.

That said, the authors do devote considerable space to contact varieties of Norwegian. Contact between Norwegian and Sámi has taken place over several centuries and continues to this day. In the north, evidence of contact can be detected in syntax and the lack of a tonemic distinction. Surprisingly, the lack of tonemes in the dialects surrounding Bergen is not mentioned; there, language contact is unlikely to have been a factor. Further south, the South Sámi population today mainly speaks the local (Norwegian) dialect, while using certain South Sámi lexical items to encode what the authors call a ‘style’. M&R also include a discussion of the multiethnolectal contact varieties which have become established in multilingual/multicultural parts of Oslo.

Each of the four chapters in Part 2 contains a sociolinguistic description of the major city in the dialect area it covers: Oslo, Trondheim, Bergen and Tromsø. For all the cities, the authors discuss the relatively standardised, but still localised, upper middle-class varieties alongside the working-class ‘street’ or ‘vulgar’ urban dialects, noting that the social and linguistic boundaries between them are now much more fluid than in earlier decades and that the varieties have converged.

Part 3, *Utviklingsliner* (‘Lines of development’), consists of a single chapter, and it is here the authors are able to set out their ideas about the motivations for dialects change. Because the discussion is based on a single, well-

documented and highly variable language, comparisons across dialects become possible. This makes teasing apart motivations easier. M&R begin by noting Steinsholt's early recognition that stasis is not the normal state of affairs for dialects (Steinsholt 1964), and that there is a constant struggle or competition ('bryting').

Next, the authors outline general developments in Norway, and I will set these out in some detail. Many appear to involve dialect levelling (*dialekt-nivellering*), and for some features this has led to homogenisation (*utjamning*). Some of this levelling involves reduction processes applying across a wide area. Consonant inventories are being reduced: the palatal phonemes /tj dʒ jŋ ʃ/, traditionally found in most but not all regions, are gradually being replaced by their alveolar equivalents. A recent innovation is the rapid merger of /ʃ/ and /ç/ across much of the country. Though not mentioned in the book, vowel inventories are also being reduced, resulting in a generalised nine-vowel system, short and long. At the morphophonemic level, the Western alternation of /k g ŋ/ and their palatal counterparts /ç ʒ jŋ/ has been all but eliminated at the expense of the latter. At the same time, there are changes which do not necessarily lead to levelling (where this term is construed as a reduction in the overall amount of variation). The clearest example of this is the spread of the Eastern, Trøndersk and Northern postalveolars /t ɖ l ɳ/ to adjacent dialects. These are the realisations of 'underlying' /r/ + alveolar, within words and across boundaries, in, for example, *vært* [væʈ] (BE past participle) and *har du* [ha:ɖu] 'have you'. South-western [ʂ] for /r/ continues to spread throughout its region – but not beyond – replacing general Norwegian [r]. The use of [ʂ] blocks the spread of postalveolars, and this has given rise to an increasingly sharp boundary between two areas, one with [r] and postalveolars, the other with [ʂ] but lacking postalveolars. In the morphology, the most striking change, giving rise to the loss of a category, is the demise of the marking of the dative case on the definite form of nouns.

As a prelude to their evaluation of motivations for change, M&R argue that the country is divided into two areas with pretty much discrete sets of sociolinguistic processes. In general, Eastern dialects are converging on Oslo Norwegian, particularly adopting its less prestigious variants (I will return to the thorny notion of 'prestige'). In the case of those Eastern dialects that differ more radically from Oslo Norwegian, such as Valdres, dialect shift (the wholesale abandonment of a dialect) in favour of Oslo Norwegian seems to be under way. The facilitating factor seems to be in part linguistic: a good deal of

the segmental phonology is shared across the dialect area, but above all toneme realisations and utterance-level intonation are broadly similar. The other regions, however, are not converging on Oslo, and these follow a second path. Here, levelling on a sub-regional scale seems to apply. Unlike in the East, there is no discernible shift, whether gradual or abrupt, to one of the regional urban varieties; instead, we find the adoption of a number of individual features which are found in the urban varieties. Interestingly, there are also intermediate, or interdialect, forms not found in any of the source dialects or either version of the written standard, Bokmål and Nynorsk.

The authors now consider the driving forces behind these two sets of changes. They summarise two models of change, and in what follows I expand a little on what they write. The first involves regionally based levelling, with a hierarchy of cities and towns leading the changes. Oslo, as by far the largest and best connected city, is at the top of the hierarchy, but does not otherwise have any special status in the process. The mechanism is face-to-face contact (or I assume this is the implication – M&R don't discuss it). This is classic hierarchical diffusion. The second model involves the recognition of some kind of prestigious and/or standard variety of Norwegian. This again places Oslo at the apex, but this time as the direct origin of most of the changes rather than its influence being mediated by contact through a geographical hierarchy. Oslo is the seat of government, its sub-region has the biggest economy and it is the location of most media outlets. Its way of speaking is heard throughout Norway via the media. Its status and availability are suggested by the widespread observation that young children across Norway 'play in *østlandsk* ('East Norwegian')' (Eliassen 1998, cited in Røyneland 2009) – this term being synonymous with Oslo Norwegian in everyday usage. Taking an example from dialect geography, M&R point out that, in the Trøndersk dialect of Oppdal, the vowel /e/ does not acquire the lowered pronunciation [æ] characteristic of Trondheim, 120 km to the north, despite taking on other Trondheim features. M&R ascribe this *directly* to the inhibiting factor of the non-lowered Oslo pronunciation, despite that city being located 400 km to the south. Oslo Norwegian, in other words, has tremendous prestige, and this in and of itself guarantees its influence. Contact, in other words, is not a necessary factor.

At first blush, the East (perhaps together with the southern part of Trøndersk, as changes in Oppdal seem to show) seems to fit the second of these models, with the overweening effect of the prestige of Oslo, and the remainder of the country the first, with a hierarchical arrangement. However, the situation

is not that straightforward. M&R look for evidence of the hierarchical model in the take-up of local urban (but not Oslo) features in rural dialects outside the East: one example is the adoption of the urban form [æ:] for the first person singular pronoun in the North and Trøndelag, in place of rural [i:] or [e:g] (Oslo has [jɛi]). Notwithstanding this example, the complicating factor is that the majority of what look to be adoptions of urban features could equally be classified as the adoption of the Bokmål standard (Bokmål is by far the more commonly encountered version of the written standard). The problem is compounded by the fact that most (but not all, as we have just seen) of these urban features themselves coincide not only with Bokmål, but also with Oslo features. This being so, we cannot easily disentangle the motivations: are they being adopted because they are urban, because they belong to the high-prestige language of Oslo, or because they belong to the standard language?

M&R's solution is a complex one. They point out that the idea of a spoken standard, in the sense of a fully encoded and officially sanctioned variety, is absent in Norway. This contrasts, I would add, most clearly with a country like France. It is precisely the prestige of Oslo that allows its speech to win out in the East, not because it is 'standard'. In much of Europe, spoken standards are similarly not the result of legislation or regulation, except in limited ways for broadcasting. Instead, standard varieties are social dialects (as Trudgill 1999 points out), and ideas about correctness, good speech and good manners derive from that fact. I would add that, in both the UK and Norway, parallel social changes have resulted in broadcast norms being relaxed considerably over the past 30 years, with regional accents now being commonplace on air in Britain and dialects being embraced in Norway, even in planned genres such as newsreading. Despite this, in England (but not necessarily in other parts of the UK), Received Pronunciation is still the prestige norm, carrying with it all kinds of social benefits – even though it is restricted to a relatively small social group. In the southeast of Norway, especially Oslo, a rather specific spoken version of Bokmål, containing a 'conservative' subset of the permitted variants, similarly carries high prestige in certain circles, e.g., finance, business and the legal system – though much less so in government and education. It is the native speech of many people (Røyneland 2009), and its features may even be spreading within Oslo. The parallels between England and Norway are striking, with in each case de facto spoken standards being in use – Norway has in a sense 'caught up' (Røyneland 2009).

One difficulty in ascribing influences directly to a ‘standard’ seems to me to be related to which features are admitted as ‘Oslo’ and which ‘standard’. We have already seen that it is mainly the low-prestige features of Oslo which have spread outside the city. Many of these low-prestige features, however, are also ‘standard’, in the sense that they are permissible, and often used, within the variable Bokmål orthography: we cannot therefore easily distinguish the standard from the prestige of the city itself. One feature which is not ‘standard’ even by this criterion, and which is expanding within Oslo, is the use of identical forms for the 3rd person singular feminine pronoun in both subject and object functions. This gives either *hun* or *henne(r)* for both (prescriptively, *hun* is the subject form, *henne* the object). A quick search of online comments shows that this feature is condemned by many older people; its spread across the board in the city is therefore not related to the ideology of correctness or the attractiveness of prestige varieties. Instead, this non-Bokmål innovation follows the pattern found in many other dialects, which have identical subject and object forms. The authors do not comment, but it is clearly a candidate for consideration as an internally motivated simplification, though diffusion from other dialects remains a highly unlikely possibility.

There could also, I think, be an attitudinal factor involved in the spread of the less-prestigious Oslo features. In Hilton’s (2010) study of the small town of Hønefoss, some 60 km north of Oslo, interviews and matched-guise tests indicate that the features from the high-prestige variety of Oslo Norwegian are felt as ‘posh’ and that people who use them are ‘unapproachable’. Interestingly these upper middle-class features are also ascribed by the participants solely to Oslo – a fact which may be related to the relative proximity of the metropolis. Hilton does not investigate attitudes to any of the nonstandard Oslo features. However, less prestigious Oslo features which are also found in Bokmål are not perceived as localisable to Oslo (Hilton 2010: 407–8). Since Hilton states that her Hønefoss informants do not believe they are accommodating to Oslo speech (2010: 408), I would suggest that their perceived non-Oslo status, though they exist there, makes them more available as targets for adoption, and that the same applies to the nonstandard (i.e. non-Bokmål) Oslo features as well.

M&R’s notion of what a ‘standard’ might be is, then, not fully specified. Nor is the role of a standard made clear. The conclusion I draw from all of this is that the driving forces of changes in the East Norwegian area depend on intricate alignments of urban covert prestige, the overt prestige of upper middle-class speech, the influence of a relatively unfocused written standard,

internally-driven change and, finally, dialect contact – each of these varying in strength with the feature undergoing change, geographical location and socioeconomic factors. Exactly what the balance is, and indeed what evidence is needed to isolate the precise influence of a standard, are difficult to establish. This said, the authors lay bare for us the intricacies of the East Norwegian dialect landscape.

It remains for us to consider the rest of the country. As we saw, M&R favour the idea of a hierarchical process. From this, we can conclude that dialect contact has a much stronger effect than in the East. As already mentioned, many features gaining ground are interpretable as intermediate forms, and these may be the outcome of accommodation. Urban dialects are generally not adopted. The clearest example of this is the hinterland of Bergen, where Bergen morphology and phonology have scarcely had an impact with the exception of formerly rural areas which have become urbanised and now form part of the city of Bergen (Doublet 2014) or its immediate sub-region. M&R write (p. 140) that part of the reason for the lack of a shift to Oslo Norwegian outside the East is that the linguistic distance is too great. M&R take the position that the motivations of changes are multifactorial, and mutually supportive. This seems entirely right.

Finally, the book is undoubtedly well produced for its intended audience. There are extended transcriptions of spontaneous regional speech, which can be accessed online. To emphasise the dynamic nature of dialect, they have chosen excerpts from conversations with both older and younger speakers from each location. But there are some problems. One is that, in their transcriptions, the authors use a sometimes confusing form of eye-dialect with some IPA. A particular frustration is that it does not specify the phonemic value of the letter <o>: as in Norwegian orthography, this represents either /o/ or /u/ in an unpredictable way. It is a pity, too, that readers are invited to figure out for themselves what the features are: there is no key to support the weaker, or busier, student. Despite these points, and my criticism of the handling of the factors influencing change in East Norwegian, my impression remains positive: the book is very informative for many different readerships, and it attempts, with success, to present a complete picture of a linguistically complex dialect landscape using contemporary sociolinguistic insights.

References

- Bandle, Oskar 1973: *Die Gliederung des Nordgermanischen* (Beiträge zur nordischen Philologie 1). Basel/Stuttgart: Helbing & Lichtenhahn.

- Doublet, Maria-Rosa Raphaela 2014: Ytre Arna – fra strilemål til bergensk på en generasjon. *Replikk* 38, 86–95.
- Eliassen, Camilla 1998: *Rolleleksspråk*. Unpublished thesis, University of Trondheim.
- Finfoft, Knut 1970: *Acoustical analysis and perception of tonemes in some Norwegian dialects*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hilton, Nanna Haug 2010: *Regional Dialect Levelling and Language Standards: Changes in the Hønefoss Dialect*. Unpublished PhD thesis, University of York.
- Husby, Olaf (ed.) 2008: *An introduction to Norwegian dialects*. Oslo: Tapir.
- Kerswill, Paul 1994: *Dialects converging: rural speech in urban Norway*. Oxford: Clarendon Press.
- Mæhlum, Brit 1996: Codeswitching in Hemnesberget – Myth or reality? *Journal of Pragmatics* 25, 749–761.
- Mæhlum, Brit 2005: Sociolinguistic structures chronologically III: Norwegian. Bandle, Oskar et al. (eds.): *The Nordic Languages*, Volume II. Berlin: Walter de Gruyter, 1907–1922.
- Røyneland, Unn 2009: Dialects in Norway: Catching up with the rest of Europe? *International Journal of the Sociology of Language* 2009 (1), 7–30.
- Sandøy, Helge 1985: *Dialektkunnskap*. Oslo: Novus.
- Skjekkeland, Martin 2005: *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Sollid, Hilde 2014: Hierarchical dialect encounters in Norway. *Acta Borealia* 31, 111–130.
- Steinsholt, Anders 1964: *Målbyrting i Hedrum*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Strand, Thea R. 2009: *Varieties in Dialogue: Dialect Use and Change in Rural Valdres, Norway*. PhD dissertation, University of Arizona.
- Trudgill, Peter 1999: Standard English: what it isn't. Bex, T. & R.J. Watts (eds.): *Standard English: the widening debate*. London: Routledge, 117–128.

Paul Kerswill

Department of Language and Linguistic Science
University of York
Heslington
York YO10 5DD
United Kingdom
paul.kerswill@york.ac.uk